

Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2015 og 2016

Bømlo Etne Kvam Modalen

Sekretariat: Samarbeidsrådet for Shl.

INNHALDSLISTE

1.0	INNLEIING	
1.1	Ramme	Side 3
1.2	Mandat	Side 3
1.3	Forvaltning i 2015 og 2016	Side 4
1.4	Hordaland fylkeskommune sine strategiske føringar for verkemiddelbruken	Side 4
1.5	Krav til søknad	Side 4
1.6	Prioriteringskriteria	Side 4
2.0	PLAN FOR BRUK AV KOMPENSASJONSMIDLAR 2015 og 2016	
2.1	Styringsgruppe	Side 5
2.2	Leiar og nestleiar	Side 6
2.3	Observatørar	Side 6
2.4	Sekretariat	Side 6
2.5	Metode	Side 6
2.6	Kommunevis fordeling	Side 6
2.7	Rentemidlar	Side 6
2.8	Fordeling av rentemidlar	Side 6
2.9	Kommunevis fordeling av rentemidlar frå 2014 og 2015	Side 7
2.10	Total fordeling til kommunane 2015 og 2016	Side 7
3.0	INFRASTRUKTUR	
3.1	Bømlopakken	Side 7
3.2	Bygging av fortau Tonganevegen	Side 9
3.3	Turistveg Hardanger Steindalsfossen	Side 10
3.4	Infrastruktur i Kvam	Side 12
4.0	KOMPETANSE	
4.1	Omstilling til optimal maritim samhandling	Side 12
4.2	Ungt entreprenørskap i Sunnhordland	Side 16
4.3	Næringshagen i Hardanger - Etableringskostnad	Side 19
4.4	Ungt entreprenørskap i Hardanger	Side 21
4.5	Samanslåing og bedriftsutvikling	Side 23
5.0	ANNA	
5.1	Benkeprosjekt Moster Amfi	Side 27
5.2	Arena for frukt og sider i Hardanger	Side 29
5.3	Visjonsprosjektet «Tett på»	Side 31
5.4	Selskap for sal og distribusjon av lokalmat	Side 34
5.5	Bedriftsutvikling på Hardanger Fiskeforedling	Side 36
5.6	Utvikling av Ålvik sentrum	Side 38
5.7	Vidareføring av prosjekt – auka turisme i Modalen	Side 40
6.0	TAPT ARBEIDSFORTENESTE STYRINGSGRUPPE OG LØN TIL SEKRETARIAT	Side 42
7.0	FORDELING AV PROSJEKT 2015/2016	Side 42

8.0 SØKNADAR SOM IKKJE ER INNSTILT

8.1	Skånevik kai	Side 43
8.2	Batteriferje	Side 44
8.3	Hardangerbadet	Side 45
8.4	Øystese mek. Verkstad	Side 46

1.0 INNLEIING

Noverande ordning med differensiert arbeidsgjevaravgift skulle opphavleg gjelda ut 2013. I mars 2014 informerte Kommunal og Moderniseringsdepartementet at dei hadde sendt eit framlegg til nytt regelverk for differensiert arbeidsgjevaravgift til ESA for godkjenning. I dette framlegget vart det føreslege å utvida ordninga med totalt 31 nye kommunar på landsbasis. Av desse ligg tre kommunar i Hordaland, Kvinnherad, Tysnes og Jondal. Dette inneber at desse kommunane har fått gjeninnført differensiert arbeidsgjevaravgift, og ikkje lenger vera omfatta av kompensasjonsordninga.

Kommunane Bømlo, Etne, Kvam og Modalen fekk innført full arbeidsgivaravgift i 2004 og har sida den gong vore med i kompensasjonsordninga for auka arbeidsgjevaravgift, som blei innført i 2004. Full arbeidsgivaravgift er 14,1 % av lønnskostnadene, medan den reduserte arbeidsgivaravgifta før 2004 var 10,6 %.

Den auka arbeidsgivaravgifta har blitt kompensert på to måtar. Alle bedriftene får ein direkte kompensasjon for eit beløp inntil øvre grense for ordninga med bagatelmessig støtte. Dette inneber at bedrifter med lønnskostnader på inntil ca 15 mill kr i praksis ikkje betaler meir enn den opphavlege satsen i arbeidsgivaravgift. Dei større bedriftene i desse kommunane må betale full arbeidsgivaravgift av lønnskostnader på over ca 15 mill kr. I samband med innføringa av auka arbeidsgivaravgift i 2004 bestemte regjeringa at det dei store bedriftene betalte inn i arbeidsgivaravgift utover 10,6 % skulle tilbakeførast til kommunen/regionen. Det er denne tilbakeføringa som utgjør kompensasjonsmidlane for auka arbeidsgivaravgift. Midlane skal nyttast til næringsretta utviklingstiltak.

Dei store bedriftene er svært ulikt fordelt i dei 4 kommunane. Dei fleste ligg i kommunane Bømlo og Kvam, medan det er få eller ingen slike bedrifter i kommunane, Etne og Modalen

1.1 Ramme

Hordaland fylkeskommune har motteke tilsegnsbrev frå departementet på 28,7 mil. i 2015 og kr. 14,7 mill i 2016 som kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift. Desse tala er rekna ut av Møreforsking på bakgrunn av tal frå 2013 og 2014. I tillegg er det opptente renter for 2013 og 2014 på kr. 2 693 667,-. Av desse er kr. 1 599 667,- disponert av HFK til forvaltning og kr. 250 000,- til sekretariatet og tapt arbeidsforteneste for styringsgruppa. Netto disponibel ramme for 2016 til fordeling vert då på totalt kr. 44.244 000,-.

1.2 Mandat

Det vart i 2005 gjennomført ein prosess i regi av Hordaland fylkeskommune på korleis midlane skulle forvaltast i perioden 2015-2018. På bakgrunn av denne prosessen vedrørende forvaltning og organisering av arbeidet med kompensasjonsmidlane gjorde fylkestinget i møte 12. oktober 2007 følgjande vedtak:

1. Fylkestinget sluttar seg til den i saka føreslegne modellen for forvaltning av kompensasjonsmidlane i perioden 2007 -2013, basert på
 - Ei felles styringsgruppe
 - Strategiske føringar for fordeling av midlane
 - Ansvars- og oppgåvefordeling mellom fylkesutvalet, regionalt Næringsforum og den regionale styringsgruppa
 - Sekretariat lagt til Samarbeidsrådet for Sunnhordland
 - Forvaltningsoppgåver lagt til fylkeskommunen
 - Utarbeiding av årleg handlingsplan
 - Forvaltning av bedriftsretta midlar gjennom Innovasjon Norge

2. Fylkestinget delegerer det overordna ansvaret for vidare forvaltning av kompensasjonsmidlane til fylkesutvalet, inkl. mynde til å godkjenne årlege handlingsplanar og gjere eventuelle endringar i forvaltningsmodellen.

1.3 Forvaltning i 2015/2016

Fylkesutvalet har gått inn for at forvaltning av midlane for 2015/2016 skal vidareførast slik som for 2014.

1.4 Hordaland fylkeskommune sine strategiske føringar for virkemiddelbruken

"Det blir lagt til grunn at styringsgruppa legg vekt på å prioritera større prosjekt kor ei medfinansiering med kompensasjonsmidlar vil vere det som skal til for å få ein større finansieringsplan på plass. Det bør også bli lagt vekt på å prioritera prosjekt som går på tvers av kommunegrensene eller omfattar meir enn ein kommune. Prosjekta bør også ha ei anna innretning enn dei som blir finansiert gjennom dei andre regionale virkemidla fylkeskommunen rår over inkludert dei regionale næringsfonda.

I eit langsiktig utviklingsperspektiv er det viktig at det i det regionale næringsutviklingsarbeidet er ein viss "balanse" mellom hovudområda infrastrukturiltak, generell bedriftsutvikling/kompetanseheving og bruk av bedriftsretta virkemidlar. Sjansane er då større for å få til ei god næringsutvikling på brei front.

Det er opp til styringsgruppa å prioritere eventuelle bransjesatsingar lokalt og regionalt dersom dei ønskjer dette".

1.5 Krav til søknad.

Søknadane skal sendast gjennom www.regionalforvaltning.no. Søknadsfrist for midlane for 2015 og 2016 var 1. juli 2016.

1.6 Prioriteringskriteria

Generelt gjelder at midlane skal nyttast i tråd med gjeldande planar for regional utvikling. Særleg står Regional plan for næringsutvikling 2013 til 2017 sentralt. Vidare må søknaden tilfredsstilla nokre krav kor dei viktigaste er:

1. Prosjekt eller tiltak som det søkast om midlar til må vere forankra i ein eller fleire av kommunane Etne, Bømlo, Kvam eller Modalen. Dersom søkjar ikkje er frå ein av kommunane må det dokumenterast at prosjektet vil medverke til næringsutvikling i ein eller fleire av desse kommunane. Prosjektet skal ha god kvalitet og søkar skal ha god gjennomføringsevne.
2. Målgruppa for kompensasjonsmidlane er definert som regionale utviklingsaktørar, kommunane og større bedrifter. Mindre bedrifter og privatpersonar kan ikkje søke. Med *regionale utviklingsaktørar* meinast organisasjonar og andre som har som formål å arbeide med næringsutvikling i vid forstand som til dømes næringsforeiningar, næringssselskap, vidaregåande skular, høgskular, nettverksorganisasjonar med meir. Med *større bedrifter* meinast bedrifter med samla lønnskostnader på 15 mill kr eller meir i 2015. Mindre bedrifter og etablerarar må søke gjennom det ordinære virkemiddelapparatet i regi av Innovasjon Noreg, eventuelt regionale næringsfond.
3. Det kan søkast om midlar til næringsretta utviklingstiltak og prosjekt. Med *næringsretta* meinast tiltak og prosjekt som legg til rette for auka entreprenørskap og innovasjon, styrking av næringsretta kompetanse, næringsretta infrastruktur og styrking av nærings- og innovasjonsmiljø.
4. Dei større bedriftene kan søke om støtte til bedriftsinterne innovasjons-, kompetanse- og omstillingstiltak. Søknader kor fleire bedrifter går saman om ei tyngre satsing vil bli prioritert. Søknadane må tilfredsstille gjeldande regelverk for offentleg støtte til bedrifter og vil bli handsama av Innovasjon Noreg.
5. Større prosjekt og prosjekt som ikkje vil oppnå finansiering i det ordinære virkemiddelapparatet i regi av fylkeskommunen, Innovasjon Noreg, regionråda eller kommunane vil bli prioritert.
6. Normalt vil det bli kravd også anna finansiering enn kompensasjonsmidlar. Finansieringsandel med kompensasjonsmidlar vil bli vurdert i kvart einskild tilfelle. Medfinansiering med kompensasjonsmidlar skal alltid ha ein utløysande effekt for prosjektet eller tiltaket. Med *utløysande* meinast at tiltaket ikkje

hadde blitt gjennomført, eller berre gjennomført i ein mindre og meir avgrensa form utan kompensasjonsmidlar. Det er ikkje tilstrekkeleg at midlane er med å oppretthalde eit tilbod. Kompensasjonsmidlar kan heller ikkje nyttast til å erstatte anna finansiering.

7. Moglegheiter for å nytte kompensasjonsmidlar til å finansiera prosjekt innafor områda kultur og idrett Vart frå 2014 stramma inn. For slike søknader vert det kravd ei særleg dokumentasjon om næringsretta relevans.
8. I løpet av perioden 2007 til 2013 er mange prosjekt og tiltak finansiert med kompensasjonsmidlar. Nokre av desse prosjekta er enno ikkje fullført og avslutta. Dersom ein ønskjer ytterlegare finansiering med kompensasjonsmidlar til slike prosjekt må det leggst inn ny søknad for 2014.

Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidlar trekker opp nasjonale retningslinjer for bruken av kompensasjonsmidlar. Av sentrale punkt frå forskrifta kan nemnast.

Midlane kan nyttast til å dekke de delar av kostnadene som er direkte knytt til realisering av prosjektet/tiltaket.

Tilskott kan berre bli gitt i inntil 5 år sjølv om prosjektet har lengre varigheit. Det er visse unntak for prosjekt i regi av nasjonale virkemiddelaktørar, Ungt Entreprenørskap og Merkur.

Tilskottet kan ikkje dekke:

- Drift av næringsverksemd eller organisasjonar.
- Kausjon eller annen økonomisk garanti.
- Direkte eller indirekte investeringar i verksemdar sin eigenkapital.
- Renter og avdrag på lån og refinansiering av gjennomførte prosjekter.
- Drift av eller investeringar i statlige, fylkeskommunale og kommunale lovpålagte oppgåver utført av fylkeskommunen, kommunen eller andre.
- Å avsette midlar til uspesifiserte fond. Delegerte midlar til kommunar og regionråd, eventuelt andre forvaltarar regnast ikkje som fond.
- Politikkforberedande aktivitetar internt hos forvaltar eller i regi av forvaltar, herunder kjøp av tenester i samband med utforming av nye tiltak og lovpålagte eller eigeninitierte plan- og strategiprosessar.

2.0 PLAN FOR BRUK AV KOMPENSASJONSMIDLAR I HORDALAND 2015/2016

I Hordaland er det kommunane Bømlo, Etne, Kvam og Modalen som kjem inn under ordninga. I styringsgruppa er det ein representant frå bedriftene i kvar kommune - utpeika av NHO og ordførar i kvar kommune.

2.1 Styringsgruppe

Medlem

Bjørge Hauge, Elkem AS Bjølvefossen
Jan Audun Johansen, Johansen Rør AS
Sveinung Hansen, Wärtsilä Norway AS
Knut Helland, Modalen Kraftlag SA

Varamedlem

Svein Lid, Lid Jarnindustri AS
Trude Enge, Allianceplus AS, avd. Etne
Einar Eide, Bremnes Seashore AS

Ordførar Odd Harald Hovland, Bømlo kommune
Ordførar Siri Klokkestuen, Etne kommune
Ordførar Jostein Ljones, Kvam kommune
Ordførar Tom Kristian Thorsen, Modalen kommune

2.2 Leiar og nestleiar

Odd Harald Hovland, leiar
Jostein Ljones, nestleiar

2.3 Observatørar

Tom Knudsen, NHO, Arthur Arnesen, Hordaland fylkeskommune, Innovasjon Norge. Observatørane er ikkje personlege, men representantar for sine respektive organisasjonar.

2.4 Sekretariat

Samarbeidsrådet for Sunnhordland ved dagleg leiar Gro Jensen Gjerde, vara næringskonsulent Reidun B. Rykkje

2.5 Metode

Midlane vart lyst ut i lokalaviser og nettstader med søknadsfrist 1. juli. På basis av innkomne søknadar har sekretariatet sakshandsama søknadane og gjeve ei tilråding til styringsgruppa. Styringsgruppa hadde ein gjennomgang av innstillingane og gjorde ei prioritering av kva for prosjekt som skal få støtte og eventuelt kor mykje. Planen vart gjennomgått i nytt møte før styringsgruppa godkjente planen 20. oktober 2016. Samarbeidsrådet for Sunnhordland har vore sekretariat for styringsgruppa.

2.6 Kommunevis fordeling

Tilsaman har bedriftene i kommunane bidrege med kr 87 162 000,- i arbeidsgjevaravgift (Møreforskning) Statistikken bygger på situasjonsuttrekk frå skattedirektoratet sitt lønns og trekkoppgåverregister frå 2013 og 2014.

Kommune	Møreforskning sin kommunevise fordeling	Bidrag i %	Fordeling i 2015/2016
Bømlo	71 884 000	82,47	34 266 560
Etne	1 678 000	1,93	801 921
Kvam	13 455 000	15,43	6 411 216
Modalen	145 000	0,17	70 636
Til saman	87 162 000	100%	41 550 333

2.7 Rentemidlar

Frå juni 2009 ba Kommunal og regionaldepartementet fylkeskommunane om at rentemidlar på unytta kompensasjonsmidlar skulle på eigen konto og tilbakeførast til bedriftene gjennom ordninga med kompensasjonsmidlar.

2.8 Fordeling av rentemidlar

Opptente renter for 2014-2015 er på kr. 2 693 667,-

Styringsgruppa har gått inn for følgjande prinsipp for fordeling av rentemidlar:

1. Rentene skal fordelast etter ei prosentvis fordeling mellom kommunane ut i frå den same fordelinga som kommunane bidreg med inn i ordninga for året renteinntektene skal fordelast frå.
2. Rentene skal fordelast kommunevis til prosjekt som allereie inngår i handlingsplanen

2.9 Kommunevis fordeling av rentemidler frå 2014/2015

Kommune	% bidrag 2014/2015	Renter 2014/2015
Bømlo	82,47	2 221 467
Etne	1,93	51 988
Kvam	15,43	415 633
Modalen	0,17	4 579
Totalt	100	2 693 667

2.10 Total fordeling til kommunane 2015/2016

(Kommunevis fordeling+rentemidler 2014/15)

Kommune	2015/2016
Bømlo	36 488 027
Etne	853 909
Kvam	6 826 849
Modalen	75 215
Totalt	44 244 000

3. INFRASTRUKTUR

3.1 Bømlopakken – søkjar Bømlo Vegselskap AS

Bakgrunn

Bømlopakken er ein plan for utbetring av dei to fylkesvegane på Bømlo FV 541 og FV 542, til tilfredstillande standard i høve til trafikk og næringslivet sine behov, samt utbetring av dei andre viktige fylkesvegane i kommunen. Bømlopakken har ein samla rammekostnad på 1004 mill kr. (2009 kroner). Prosjektet vart godkjent i St.Prp nr 78 (2008-2009).

Fylkesvegar

I Bømlopakken er det planlagt opprustning av Fv 12, 14, 18, 19, 23. Dette er fylkesvegar som og var fylkesvegar før reforma i 2010.

I planlegginga av Bømlopakken vart det ikkje gjort ein eksakt kostnadskalkyle for desse vegane, men berre avsett ein samla sum til opprustning. Erfaring frå utbygginga av desse vegane så langt er at avsatt sum ikkje vil dekkja behovet, for til saman 18 ulike prosjekt i Bømlopakken.

Utbygginga starta i 2007, og bompengeneinnkrevjinga starta 2. mai 2013.

8 av dei 10 delprosjekta er ferdigstilt. Delprosjekta det her vert søkt om kompensasjonsmidlar til inngår i den overordna planen for Bømlopakken.

Prosjektmål

Målsetjinga er å få utbetra vegstandarden på Bømlo slik at næringslivet kan vera lokalisert i ein distriktkommune som Bømlo, samt at talet på ulykker på vegnettet blir monaleg redusert. Etter opninga av Trekantsambandet i 2001 har trafikken på Bømlo hatt sterk vekst. Bømlopakken bidrar til å betra vegnettet og tilpassar seg dagens og framtidig trafikkutvikling.

Forankring

Prosjekt Bømlopakken er forankra i politiske vedtak, lokalt i Bømlo kommune, regionalt i Hordaland fylkeskommune, og sentralt gjennom vedtak i Stortinget i juni 2009. I tillegg har det frå næringslivet i kommunen vore eit sterkt engasjement for dette prosjektet. Dette har ført til stor enighet om bruk av kompensasjonsmidler for auka arbeidsgiveravgift som delfinsiering av Bømlopakken.

Prosjektorganisering

Det er etablert eit eige kontaktutvalg for Bømlopakken. I utvalet er det representantar frå Bømlo kommune, Statens Vegvesen, Hordaland Fylkeskommune og Bømlo Vegselskap AS. Kontaktutvalget sitt mandat er å

gjennomføra prosjektet innanfor dei økonomiske rammer som er tilgjengelige og den overordna tidsplanen som gjeld for dette prosjektet. Styreleiar i Bømlo Vegselkap er og leiar i kontaktutvalget medan Statens Vegvesen er prosjektleiar for gjennomføringa av dei ulike delprosjekta i Bømlopakken.

Tidsplan

Bømlopakken er eit prosjekt som går over 15 år.

Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	SUM
Endringar av vegstandard	13 000 000	13 000 000	14 000 000	40 000 000
Fv 12, 14, 18, 19, 23	10 000 000	10 000 000	10 000 000	30 000 000
Fv 542 Stokkab - Sigjarvåg	20 000 000	20 000 000	20 000 000	60 000 000
Sum kostnad	43 000 000	43 000 000	44 000 000	130 000 000

Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	SUM
Bompeneinnkrevjing	8 000 000	11 000 000	15 000 000	34 000 000
Kompensasjonsmidlar Hordaland	35 000 000	30 500 000	30 500 000	96 000 000
Sum finansiering	43 000 000	41 500 000	45 500 000	130 000 000

1. Bompeneinnkrevjing

Det er lagt til grunn ein årlig trafikkvekst på 5% medan det i godkjent finansieringsplan er lagt til grunn ein årlig trafikkvekst på 1,1 %. Meirinntekt som følger av forventa trafikkvekst er lagt til grunn som finansiering for bompeneinnkrevjinga.

2. Kompensasjonsmidler

Det er lagt til grunn at ordninga med kompensasjonsmidlar blir vurdert vidareført og at deler av desse midlane kan nyttast til styrking av finansiering av Bømlopakken.

Vurdering opp mot kriteria

Prosjektet er forankra i kommune og næringsliv og fell inn under kriteria for bruk av midlane – då infrastruktur er eit næringsretta utviklingstiltak. Bedriftene i Bømlo har prioritert å bruka kompensasjonsmidlar til Bømlopakken, og målsetjinga er å utbetra vegstandaren på Bømlo slik at næringslivet kan vera lokalisert i ein distriktskommune, samt at talet på ulykker på vegnettet blir monaleg redusert. I finansieringsplanen som er lagt til grunn er kompensasjonsmidlar ein betydeleg del for å få finansiert og gjennomført Bømlopakken.

Bømlopakken er under revidering. Det er ei underfinansiering i høve til godkjent budsjett for 2009. Ein ny pakke vil ta utgangspunkt i fylkesvegar som ikkje er med i eksisterande pakke, men den skal først og fremst fullfinansiera dei prosjekta som alt ligg inne.

Det kan sjå ut som det er behov for i overkant av 1,8 mrd(2016 kr) for å fullfinansiera dagens pakke.

Kompensasjonsmidlar 2016: kr. 29 088 020,-.

3.2 Bygging av fortau Tonganevegen – søkjar Etne kommune

Bakgrunn

Fortau mellom Etne sentrum – Tongane må søkjast gjennomført snarast, slik at ein unngår konflikt mellom bilar og auken av fotgjengarar som er eit nytt innslag i trafikkbiletet på traseen.

Prosjektbeskrivelse

Bygging av fortau langs Tonganevegen dreier seg om fjerning av ein del vegetasjon i den regulerte traseen for fortau, etablering og justering av nokre kummer for vatn, overvatn og kloakk, samt kablar for veglys på strekka. Total lengde er om lag 400m, men med fleire avkjørsler vert det oppbygging av ca. 355m fortau.

Det er mykje tungtrafikk til og frå industriområdet og ikkje skilje mellom gåande og køyretøy. Særleg med tanke på gåande til/frå verna verksemd Øyane Asvo, er trafikksikring særst viktig. Industriområdet ligg tett på sentrum og er lett tilgjengeleg for alle som går.

Prosjekt mål

Etablere trygg gangveg moglegheit for arbeidstakarar til/frå verna verksemd på Tongane industriområde, samt andre gåande og syklande.

Trafikksituasjonen for gåande til arbeidsplassar på Tongane har blitt meir utfordrande. Behovet for ein trygg veg for dei gåande er difor større i dag.

Etne kommunestyre har tidlegare vedteke å løyva midlar til veglys for strekinga, og delfinansiering av fortauet. Prosjektet må og sjåast i samanheng med utviklingsprosjektet Etnesjøen 2020. Det er viktig at Etne kommune ser alle tiltaka i samanheng slik at ein får ei effektiv utnytting av dei kommunale ressursane til beste for særleg dei gåande og for biltrafikken i området.

Forankring

Prosjektet har stått på investeringsbudsjettet i fleire år, men har mangla detaljplanar og fullfinansiering. Kompensasjonsmidlar vil gjere det mogleg å fullfinansiera prosjektet.

Prosjektorganisering

Prosjektansvarleg er Etne kommune ved rådmannen.

Resultat

Tryggare tilkomst for gåande til/frå industriområdet - særleg grupper som treng det mest.

Tids- og kostnadsplan

Arbeid med veglys på den same strekka er tidfesta til etter ferien 2016 og skal vere avslutta før årsskiftet. Deler av arbeidet vil verte gjennomført i denne perioden, og det er eit håp om å få fortauet ferdig samstundes - om kompensasjonsmidlar vert tildelt.

Kostnadsplan

Tittel	2016	SUM
	3 000 000	3 000 000
Sum kostnad	3 000 000	3 000 000

Prosjektet ligg inne i investeringsbudsjettet med 1,5mill, men dette er får lågt i høve til dagens prisar. Det er behov for 1,5 mill i tillegg for å gjennomføre prosjektet.

Finansieringsplan

Tittel	2016	SUM
Budsjettpost	1 500 000	1 500 000
Kompensasjonsmidlar		
Hordaland	1 500 000	1 500 000
Sum finansiering	3 000 000	3 000 000

Vurdering opp mot kriteria

Prosjektet er forankra i kommune og næringsliv og fell inn under kriteria for bruk av midlane – då infrastruktur er eit næringsretta utviklingstiltak.

Auka trafikk fører til konflikt mellom bilar og auken av fotgjengarar og målet med prosjektet er å etablera trygg gangveg for arbeidstakarar til og frå verna verksemd på Tongane industriområde, samt andre gåande og syklande.

Søknadssummen er høg i høve til ramma for kompensasjonsmidlar og ei løyving vil difor ikkje vera med på å fullfinansiera prosjektet.

Kompensasjonsmidlar 2016: kr. 853 910,-.

3.3 Turistveg Hardanger Steindalsfossen – søkjar Kvam herad

Prosjektbeskrivelse

Det er dei siste åra gjort eit stort arbeid med å oppgradera området ved Steindalsfossen i Norheimsund. Ny parkeringsplass, toalett, velkomstbygg og ny sti opp, og under fossen er etablert.

I avtalen med innløyasing av Fossatun, den eine gamle souvenirbutikken er det teke med opprusting av arealet rundt Bestastova Souvenir. Det einaste området som då gjenstår er arealet mellom elva og den andre souvenirbutikken, Steindalsfossen Souvenir. Planen legg opp til å heva muren langs elva, etablera ny skråning og skiferleggja området rundt butikken, samt etablera eit glastak over salsområdet. Prosjektet er gjennomført vinter/vår 2016 etter at Kvam herad forskotterte kostnadane.

Dette fordi det ikkje vart lyst ut midlar i 2015 og planen var å finansiera prosjektet med kompensasjonsmidlar over 2 år.




Foto: Torleiv Ljones

Prosjekt mål

Rusta opp området ved Steindalsfossen som ligg mellom elva og Steindalsfossen Souvenir.

Forankring

Dei 18 nasjonale turistvegane er ei satsing på reiselivsopplevelse i eit samarbeid mellom stat, fylke, kommune og private aktørar. Ved Steindalsfossen har både staten, fylket, Hardangerrådet og Kvam herad bidrege til finansiering av dei 50 millionane som er brukt så langt. Arbeidet er gjort i nært samarbeid med kjende arkitektar.

Prosjektorganisering

Prosjektet vert ein del av Statens Vegvesen sitt turistvegarbeid. Bjørn Andresen er ansvarleg for dette arbeidet og Jarmund & Vignæs er arkitektar.

Samarbeidspartnarar

Lokale entreprenørar har stått for arbeidet. Det har vore eit nært samarbeid med grunneigar og drivar av Steinsdalsfossen Suvenir.

Målgrupper

Steinsdalsfossen er ein av dei største turistattraksjonane i landet med fleire hundre tusen besøkjande. Det er startpunktet på Turistveg Hardanger og innfallsporten til Hardanger frå Bergenskanten.

Effekter

Auka turisme og opplevelse for dei som vitjar Hardanger og Steinsdalsfossen. Eit heilheitleg område som framstår som eit fyrtårn for naturbasert reiseliv.

Tids- og kostnadsplan

Arbeidet med muring langs elva vart gjennomført om vinteren når elva er liten. Resten av arbeidet var ferdig til turistsesongen starta for fullt.

Kostnadsplan

Tittel	2016	SUM
Arkitekt Grindaker	17 075	17 075
Arkitekt Jarmund " Vignæs	76 249	76 249
Byggjeleing	52 268	52 268
Gebyr, ansvarleg prosjekterande	25 971	25 971
Gravdal, entreprenør	1 391 163	1 391 163
Sum kostnad	1 562 726	1 562 726

Kostnadane var opprinneleg budsjettert til kr. 1 335 000.- men det vart ein del tillegg slik at samla kostnad for prosjektet er kr. 1 562 726.-

Finansieringsplan

Tittel	2016	SUM
Kompensasjonsmidlar 2014	600 000	600 000
Kompensasjonsmidlar Hordaland	827 726	827 726
Tomteeigar, eigenandel	135 000	135 000
Sum finansiering	1 562 726	1 562 726

Vurdering opp i mot kriteria

Anlegget er eit viktig reisemål og innfallsport til turistveg Hardanger. Ei ferdiggjering av anlegget er med på å heva kvaliteten på reisemålsopplevinga. Reiseliv er eit satsingsområde i Hardanger og ei støtte vil felle inn under kriteriet næringsretta infrastruktur. Styringsgruppa har vurdert at prosjektet kan få støtte sjølv om prosjektet er gjennomført, sidan midlane ikkje vart lyst i 2015.

Kompensasjonsmidlar 2016: Kr. 830 000,-.

3.4 **Infrastruktur i Kvam**

Bedriftene i Kvam har prioritert å bruka ein del av kompensasjonsmidlane til tilrettelegging for infrastruktur.

Organisering :

Prosjektansvarleg: Kvam kommune

2016

Det er prioritert å bruka kr. 2 246 849,- til utbetring av vegnettet i Kvam. Dette vil koma som tillegg til ein sum som frå tidlegare er avsett til dette føremålet. Det er ei nemnd som er oppretta av heradstyret i Kvam som prioriterer bruk av desse midlane.

Kompensasjonsmidlar 2010	kr. 250 000
Kompensasjonsmidlar 2011	kr. 240 000
Kompensasjonsmidlar 2012	kr. 1 250 000,-
Kompensasjonsmidlar 2013	kr. 2 860 000,- *
Kompensasjonsmidlar 2014	kr. 464 000,-

*Inkludert overført kr. 350 000 frå Storeteigen næringsarena etter vedtak i fylkesutvalet 20 februar 2013.

Vurdering opp i mot kriteria:

Det er ikkje lagt inn søknad på midlar til infrastrukturiltak i Kvam. Kommune/næringsliv må laga eit kort notat på kva infrastrukturiltak dei ønskjer å nytta midlane til, før det vert gjeve tilsegn.

Kompensasjonsmidlar 2016 : kr. 2 246 850,-.

4. Kompetanse

4.1 Omstilling til optimal maritim samhandling – søkjar Rubbestadneset.no

Bakgrunn

Prosjektet skal over tre år utvikla tett operasjonelt samarbeid i industriklynga, optimal samhandling og planar for strategisk utbygging av felles infrastruktur i industriområdet i Rubbestadneset. Målet er å utvikle ei stadig meir komplett, maritim klynge som vinn oppdrag på effektivitet (kort liggetid/minimal driftsstans ved verkstadopphald), kvalitet og totaltilbod av tenester.

Prosjektbeskrivelse

Det skal vidareutviklast og prøvast ut eit saumlaust verkstadkonsept med fokus på eksisterande og ny skips- og framdriftsteknologi. Basert på den solide kompetansen som ligg i bedriftene i Rubbestadneset skal det arbeidast med:

1. Synergjar i integrerte operasjonar ved stadig betring av samhandling og kundedialog
2. Optimalisering av logistikk/infrastruktur (tidsbruk under arbeidsoperasjonar)
3. Innovasjon på produktutvikling og samhandlingsmetodikk/teknologi
4. Konseptutvikling, marknadsorientering og merkevarebygging

Dei seks verksemdene LOS Marine, Olvondo Industries, Rapp Marine, Tess, Wärtsilä Norway og LOS Elektro har etablert eit tett samarbeid i industriklynga Rubbestadneset.

Til saman omset bedriftene for mellom NOK 3 og 3,5 mrd.

i året. Dei seinare åra har det vore store omstillingar i Rubbestadneset. Wärtsilä Norway har seld ut to vesentlege forretningsområder til nye, lokale eigarar: Gir- og propellfabrikken som no er Olvondo Industries (2012) og Marine Service som no er LOS Marine (2014). Frå å vera eit par bedrifter er ein no blitt seks aktørar i ei tett industriklynge. Generelt er det store konkurranseutfordringar i marknaden på maritime verkstadtenester, mange oppdrag hamnar i utlandet. For å vidareutvikla klynga, styrka konkurransevna og halda på den unike kompetansen, satsar no desse seks tungt på eit tettare og meir strategisk og operasjonelt samarbeid.



Foto: Magne Raknes

Prosjektmål

Vidareutvikla industriklynga til å bli verdsléiande på effektive, maritime vedlikehalds- og reparasjonstenester med best kvalitet gjennom innovasjon på fire områder:

1. Samhandling i integrerte operasjonar gjennom metodikk, teknologi og trening
2. Produktinnovasjon basert på høg kompetanse, internt entreprenørskapsarbeid og tverrfagleg utviklingssamarbeid.
3. Innovasjon på logistikk- og infrastruktur gjennom logistikkstudier, observasjon av brukaradferd og ny infrastrukturdesign i industriområdet.
4. Innovativ konseptutvikling og merkevarebygging basert på ein marknadsorientert strategi.

Ved å gjennomføra dette styrka industriklynga si konkurransevne for framtida og trygge arbeidsplassane og bli attraktiv for nye klyngemedlemer for å oppnå den best miks av fag/bransjar.

Forankring

Prosjektet er forankra i leinga i dei seks bedriftene og bygger vidare på eit allereie starta arbeid med felles salgs- og samarbeidsworkshops, felles nettside/marknadsmateriell og etablering av felles prosjektteam for kvart oppdrag. Kunden vil etter ynskje få ein prosjektleiar og ein faktura, sjølv med fleire av klyngemedlemene som leverandørar.

Prosjektet er også forankra i strategisk næringsplan for Bømlo, vedteken i kommunestyret den 20.06.11 i sak PS 56/11. Den har tiltak i høve til vidare utvikling etter at ein vedtok ny reguleringsplan for utviding av industriområdet i Rubbestadneset:

«1.5 Etablera næringshamn i Rubbestadneset

Det vert arbeidd med ny reguleringsplan for industriområdet ved Wärtsilä Norway i Rubbestadneset. Rubbestadneset er industristaden på Bømlo, utvikla i over 100 år, med 600-700 arbeidsplassar pr. i dag. Denne industriklynga må gjevast gode vilkår vidare så bedriftene (både eksisterande og nye) kan utvikla seg på ein god måte med vidareføring av den verdsléiande teknologien ein rår over.»

Det blir gjennomført to infrastrukturelle tiltak i området, fjerning av ei grunne i innseglinga til industrihamna og ny vegtilgong i nord-enden av industriområdet. Desse tiltaka er i hovudsak finansiert med kompensasjonmidlar

Prosjektorganisering

Prosjekteigar: Klyngesamarbeidet «rubbestadneset.no»
v/ Olvondo Industries - Tore Kallevåg

Det er i klynga etablert ei styringsgruppe som skal bestå av leiarar frå dei seks klyngebedriftene, prosjektleiar og merkeleiar.

Under styringsgruppa blir det etablert fire prosjektteam sett saman av medarbeidarar frå bedriftene og innleigd spesialkompanse.



Foto: Magne Raknes

- FORBETRINGSTEAMET - Jobbar gjennom LEAN-metodikk for stadige, små forbetringar og best practice-etablering
- TEKNOLOGITEAMET - Jobbar med entreprenørskapsaktivitetar, produktutvikling og opp mot FOU-miljøa
- LOGISTIKK- OG INFRASTRUKTURTEAMET - Jobbar saman med logistikkeksperter/arkitektar om analyser, alternativvurderingar og konseptvalg på utvikling og optimalisering av det fysiske industriområdet.
- MARKNADS- OG KUNDEDIALOGTEAMET - Jobbar saman med ekspertar på kommunikasjon, dialog, marknadsføringsleiing og merkevarebygging.

Samarbeidspartnarar

- Klyngemedlemene: LOS Marine, Olvondo Industries, Rapp Marine, Tess, Wärtsilä Norway og LOS
- ElektroMarknadsføringsleiing: SYNLEG AS
- Logistikk - infrastruktur: Nordic — Office of Architecture
- Industriområdet: Wärtsilä Norway, Bømlo kommune og ev. private

Aktivitetar

Prosjektet er eit strategisk, operativt klyngesamarbeid.

Prosjektleiing: - Koordinering av prosjektet, sekretariat i klynga og ressurs for framdrift. - Prosjektleiar rapporterer til Styringsgruppa månadleg på planar, gjennomføring og resultat

FORBETRINGSTEAMET møter vekentleg og jobbar med betring av små og store rutinar (med LEAN-metode), måtar å samhandle på, handtering av forespørslar, pris, betaling og leveringsbetingelsar m.m.

TEKNOLOGITEAMET - Møter på månadsbasis, set i gang entreprenørskapsaktivitetar bedriftsinternt, kartlegg idear og kjører motivasjonssamlingar for tilsette. Teamet knyter kontaktar opp mot FOU-miljøa regionalt og nasjonalt. - Den andre hovedaktiviteten er utvikling av samhandlingsteknologi til bruk i klynga; for felles handtering av kunden, registrering av alle aktivitetar og transaksjonar mot felles kunde, administrering av prosjekt, allokering av ressursar, kundedialog og prosjektteam-dialog.

LOGISTIKK- OG INFRASTRUKTURTEAMET - Jobbar saman med logistikkeksperter/arkitektar om analyser, alternativvurderingar og konseptvalg på utvikling og optimalisering av det fysiske industriområdet. - Det nære området rundt klynga er eigd av Wärtsilä Norway AS, tilstøytande områder av Bømlo kommune og private.

MARKNADS- OG KUNDEDIALOGTEAMET - Jobbar med å finne kunden sine kjøpekriterier, skape effektiv prosjektdialog, utvikle nye og innovative måtar å bygge betre kunderelasjonar på. Oppnå auka marknadsorientering av klynga og dermed enkeltbedriftene.

Dei ulike teama skal levere premisser til ekstern ekspertise som på oppdrag skal tilføre klynga relevant kunnskap og faktagrunnlag for vidare utvikling og betring av effektivitet og produkt.

Målgrupper

Primærmålgruppa i prosjektet er klyngebedriftene og deira kundar/marknad, med andre ord brukarane av "rubbestadneset.no". Begge skal vinne på utvikling og optimalisering av tenestene som blir tilbode i Rubbestadneset.

Innbyggjarar i Bømlo og bygda Rubbestadneset er vinnarar om ein kan styrka konkurranseevna til industriklynga og tiltrekka seg fleire aktørar som skaper verdiar og arbeidsplassar.

Resultat

Prosjektleiinga er nødvendig som utviklingsressurs og skal skapa framdrift, koordinasjon og dokumentasjon på dei oppnådde resultatane i prosjektet. Sterk posisjonering av klynga i ein krevjande marknad.

Samla resultat: Årleg auke i omsetningen i klynga på 20%.

Effekter

Omstilling og vidareutvikling av industriklynga i Rubbestadneset så ho blir verdslende på effektiv maritime vedlikehalds- og reparasjonstenester med best kvalitet. Ved å gjennomføra aktiviteten og nå målet for prosjektet vil effekten bli eit sterkare industrisamarbeid med større omsetning, betre resultat for bedriftene og tryggare arbeidsplassar i framtida.

Bedriftene ligg på mange områder i verdstoppen på kvalitet. Med all den ekspertise og erfaring som ligg i klynga ligg utfordringa i betre samarbeid, smartare samhandling, utnytting av felles salgs- og marknadsføring, tydelegare posisjonering i marknaden og bygging av merkevare basert på klynga sitt unike, samla tenestetilbod. Dette prosjektet skal bidra til eit innovativt klyngesamarbeid og ta ut synergjar i nye måtar å samhandle på.

Tids- og kostnadsplan

Prosjektet vil bli starta opp umiddelbart etter tilsagn. Det skal tilsetjast ekstern prosjektleiar. Det er vil bli parallelle løp for dei ulike teama, som alle rapporterer til prosjektleiar/styringsgruppe. Det vil bli laga framdriftsplan og meir detaljerte milelælar når prosjektet startar opp og levert samla, årleg prosjektraportering.

Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	SUM
Ekstern eksperthjelp	20 000	750 000	450 000	450 000	1 670 000
Internt arbeid relatert til prosjektet		300 000	300 000	300 000	900 000
Prosjektleiing		1 000 000	1 000 000	1 000 000	3 000 000
Teamkostnader - 4 team		240 000	240 000	240 000	720 000
Sum kostnad	20 000	2 290 000	1 990 000	1 990 000	6 290 000

Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	SUM
Eigenfinansiering bedrifter	20 000	350 000	310 000	310 000	990 000
Kompensasjonsmidlar Hordaland	5 300 000				5 300 000
Sum finansiering	5 320 000	350 000	310 000	310 000	6 290 000

Eigenfinansieringa til bedriftene består av medverknad med egne ressurspersonar og økonomiske midlar.

Vurdering opp i mot kriteria

Søknaden støtter kriteria for bruk av kompensasjonsmidlar. Blant anna Hordaland fylkeskommune sin regionale næringsplan generelt og særleg punkt 4.3.4:

"For å få meir entreprenørskap og innovasjon skal vi særleg:

..... Stimulere til innovasjon i etablerte verksemdar, mellom anna gjennom klyngeutvikling og utvikling av nye innovative næringsmiljø med vekstpotensiale." Styringsgruppa rår til at søknaden vert stetta, men med føresetnad av at det vert levert eit budsjett med stipulerte timar på eigeninnsats og bedriftsmidlar, slik at krav til offentleg støtte vert stetta.

Kompensasjonsmidlar 2016: Kr. 5 300 000,-.

4.2 Ungt entreprenørskap – søkjar Atheno AS

Bakgrunn

Ungt Entreprenørskap i Sunnhordland skal vera ein pådrivar for entreprenørskap på alle nivå i utdanninga og skal bidra til å utvikla ein kultur for entreprenørskap. Ein skal arbeida for å involvera lokale aktørar og skapa møteplassar mellom kunnskapsinstitusjonar og lokalt arbeids- og næringsliv.

UE skal spela ei aktiv rolle i samspelet mellom skule og næringsliv i Sunnhordland. Ungt Entreprenørskap bidrar til kunnskap om, og engasjement for, lokalsamfunnet - eit arbeid som krev involvering.

Prosjektbeskrivelse

Ungt Entreprenørskap i Sunnhordland vart etablert som prosjekt hausten 2009. NHO og UE Hordaland gjekk saman med Atheno AS og mobiliserte fleire aktørar til samarbeid. Ein såg det som framtidsretta og viktig med auka fokus og satsing på entreprenørskap i regionen. Ein har gjennom den 7 år lange prosjektperioden arbeidd inn mot alle nivå i utdanninga, men i hovudsak mot grunnskule og vidaregåande. Ein har arbeidd med å involvera lokale aktørar og skapa møteplassar mellom kunnskapsinstitusjonar og lokalt arbeids- og næringsliv. Det har vore stort engasjement og forankringa er gjennomført med gode resultat.

Det er eit sterkt ynskje frå samarbeidsaktørane at det vert arbeidd vidare med UE. Ein har sett at det er eit godt verkøy til å gi barn og unge forståing av kva entreprenørskap er og korleis desse arbeidsprosessane kan nyttast i ulike fag og prosjekt. Ein ser ein begynnande kultur for entreprenørskap i utdanning på fleire skular i form av forankring og engasjement.

Ein har gjennom den 7 år lange prosjektperioden arbeidd inn mot alle nivå i utdanninga, men i hovudsak mot grunnskule og vidaregåande. Ei viktig oppgåve har vore å involvera lokale aktørar samt skapa møteplassar mellom kunnskapsinstitusjonar og lokalt arbeids- og næringsliv. Det har vore stort engasjement og forankringa er gjennomført med gode resultat.

Frå forskning veit ein at det er to til tre gonger større sjanse for at ungdom startar eiga bedrift seinare i livet dersom dei er med på ungdomsbedrift. Me veit det skaper større lojalitet til heimkommune og større kunnskap om lokalt næringsliv når dei deltek i UE sine program. Forsking viser også at det å arbeida med entreprenørskap fremjar gode haldningar, gir betre sjølvtilitt og samarbeidsevne og



Foto: Nina Ø. Borrevik

utviklar leiareigenskapar. Me trur dette vil utgjera ein forskjell om 5, 10, 15 år - dersom ein satsar på det no. Prosjektperioden gir resultat bl.a i form av at kommunane no byrjar å ta program inn i årshjula sine. Kommunar som til no ikkje har vore med, uttrykkjer ynskje om å vera med i det vidare løpet.

Prosjektmål

Hovudmål

- Forankra og driva entreprenørskap i grunnskulane til medlemskommunar i Sunnhordlandsregionen.
- Forankra og driva entreprenørskap i vidaregåande skule i regionen

Delmål

- Auka talet på ungdomsbedrifter med 3 fleire pr. år
- Få forankra «Vårt Lokalsamfunn» i årshjulet til deltakande kommunar
- Få forankra «Smartere Energi» i årshjulet til deltakande kommunar
- Få forankra Økonomi & Karriereval på 10. klassetrinn
- Auka aktivitet i lærarutdanninga

Forankring

UE Sunnhordland er eit samarbeid mellom UE Hordaland og Atheno AS, ulike kommunar og bedrifter i regionen.

Deltakande og betalande bedrifter frå Stord: Kværner AS, Apply Leirvik og SKL. Frå Bømlo og Kvinnherad kommune har lokale bedrifter delteke gjennom kompensasjonsmidlane.

Deltakande og betalande kommunar: Bømlo, Kvinnherad og Stord. Kommunar som signaliserer at dei vil inn i prosjektet: Fitjar og Tysnes.

Prosjektet har ansvar for alle dei vidaregåande skulane i regionen samt grunnskulane i Bømlo, Kvinnherad og Stord kommune.

Stillinga får fagleg støtte frå UE Hordaland bl.a gjennom regelmessige fagsamlingar. Atheno AS har det daglege arbeidsgjevaransvaret.

Prosjektorganisering

Prosjekteigar: Atheno AS

Prosjektansvarleg: Atheno AS v/ Nina Østensjø Borrevik

Prosjektleder: Atheno AS v/ Nina Østensjø Borrevik

Fagansvarleg: UE Hordaland

Nina Østensjø Borrevik er tilsett i 60% som prosjektleder.

Samarbeidspartnarar

Deltakande og betalande bedrifter frå Stord: Kværner AS, Apply Leirvik og SKL. Frå Bømlo og Kvinnherad kommune har lokale bedrifter delteke gjennom kompensasjonsmidlane.

I tillegg har dei vidaregåande skulane i alle kommunane i Sunnhordland aktivitet i form av UB og InnovasjonsCamp

Aktiviteter

Program som i hovudsak skal prioriterast gjennom neste 4 års periode er:

Vårt Lokalsamfunn :

Vårt Lokalsamfunn er retta mot 4.–5. trinn. Programmet gir elevane innsikt i korleis lokalt næringsliv og offentlig forvaltning påverker deira kvardag. Det styrker også deira lokale identitet og viser korleis dei sjølv kan bidra til å styrkje sitt eige lokalmiljø.

SMARTere Energi :

SMARTere Energi er eit undervisningsopplegg med fokus på fornybar energi og kreativitet. Programmet vert gjennomført av elevar på mellomtrinnet, og vert gjennomført på kvar enkelt skule i løpet av 1-3 skuledagar.

Elevane skal løysa aktuelle problemstillingar gjeve av lokalt næringsliv og/ eller kommune. Ein set fokus på kreativitet for å finne klimakloke løysingar for framtida.

Økonomi & Karriereval:

Økonomi og karriereval gir elevane mogelegheit til å reflektere over:

- Kven er eg, og kva vil eg?
- Korleis ta riktige val?
- Kva kan eg gjere for å ha kontroll på personleg økonomi?

Økonomi og karriereval er tilpassa ungdomstrinnet og er godt eigna til bruk i utdanningsval. I tillegg dekkes læreplanmål i norsk, matematikk og samfunnsfag.

Innovasjonscamp:

Innovasjonscamp er utvikla for elevar i ungdomsskulen og i vidaregåande skule.

Dette er ein treningsleir med fokus på kreativitet og nyskaping. Elevane får eit reelt oppdrag med ein definert problemstilling som dei skal presentera ei løyning på innan eit avgrenset tidsrom. Oppdraget blir gitt av ei bedrift eller organisasjon fra privat eller offentlig sektor. Elevane jobbar med oppdraget i grupper på 3–6 elevar og presenterer løysingane for ein jury, som kårer ein vinnar ut ifra gitte kriteriar.

Innovasjonscampen sine ulike fasar:

Fase 1: Opning, bli kjent, teambygging og kreative prosessar

Fase 2: Oppgåva vert avslørt, arbeidsfase og rettleiing

Fase 3: Felles måltider og sosialt program

Fase 4: Innlevering av forretningsplandokument, presentasjon for jury og vurdering

Ungdomsbedrift :

Ungdomsbedrift (UB) gir elevar i vidaregåande skule erfaring med bedriftsetablering innanfor trygge rammer.

Gjennom eit skuleår skal elevane etablera, driva og avvikla ungdomsbedrifta med lærar som rettleiar og ein mentor frå lokalt næringsliv. Elevane arbeidar ut frå ein reell idé og realiserer denne gjennom produksjon, marknadsføring og sal. Overskotet bedrifta gir, er det elevane sjølv som bestemmer over. Ei ungdomsbedrift vert registrert i Brønnøysundregisteret, via Ungt Entreprenørskap, som ei eiga juridisk eining.

Målgrupper

Elevar og lærarar i grunnskulen og i vidaregåande er i hovudsak dei viktigaste målgruppene i UE Sunnhordland. Det er også ynskjeleg å vera i god dialog og i prosjekt med Høgskulen Stord/Haugesund.

I tillegg til utdanningssystemet er også næringslivet ei målgruppe for UE. Det er særst viktig at dei innehar kunnskap og forståing for entreprenørskap sin effekt, og ikkje minst korleis dei sjølv kan nytta det.

Resultat

I løpet av prosjektperioden har Ungt Entreprenørskap gradvis etablert seg i dei 3 medlemskommunane i Sunnhordland.

Effekter

Slik Atheno AS, prosjektleiar og UE Hordaland evaluerer prosjektet, er det godt samsvar mellom det som er gjennomført og dei oppsette måla.

Kostnadsplan

Tittel	2016	SUM
Arrangement, program, aktiviteter	300 000	300 000
Driftskostnader	160 000	160 000
Personalkostnader	780 000	780 000
Reise	70 000	70 000
Utvikling/ føljekostnader	60 000	60 000
Sum kostnad	1 370 000	1 370 000

Sum ført inn i 2016 gjeld for 2015 og 2016

Finansieringsplan

Tittel	2016	SUM
Atheno	120 000	120 000
Bedrifter	350 000	350 000
Kommunar	250 000	250 000
Kompensasjonsmidlar Hordaland	600 000	600 000
UE Hordaland	50 000	50 000
Sum finansiering	1 370 000	1 370 000

Vurdering opp i mot kriteria

Målgruppa for kompensasjonsmidlar er definert som regionale utviklingsaktørar, kommunane og større bedrifter. Med regionale utviklingsaktørar meinast organisasjonar og andre som har til føremål å arbeida med næringsutvikling i vid forstand.

Pkt 3. Med næringsretta meinast tiltak og prosjekt som legg til rette for auka entreprenørskap og innovasjon, styrking av næringsretta kompetanse, næringsretta infrastruktur og styrking av nærings- og innovasjonsmiljø.

Ungt entreprenørskap sin søknad fell difor godt inn under kriteria for bruk av midlane.

Søknaden gjeld kostnader for 2015 og 2016. Styringsgruppa meiner at støtta for 2015 kan gjevast då midlane ikkje vart lyst ut dette året.

Kompensasjonsmidlar 2015 og 2016: kr. 600 000,-

4.3 Etablering av regional næringshage – søkjar Næringshagen i Hardanger

Bakgrunn

Næringshagen starta opp 1. juli 2015 med pilotstatus i eitt år og med lovnad om fast status som programoperatør i næringshageprogrammet til SIVA dersom visse mål vart nådd innan 1. juli 2016. Næringshagen i Hardanger er no skipa og tekne opp som programoperatør i SIVA sitt næringshageprogram frå 1 juli 2016 i ein periode som

vanlegvis er 10 år. NIH er ein regional næringshage med heile Hardanger som arbeidsområde. Hovudkontoret er i Øystese i Kvam. NIH har 30 bedrifter som har teikna avtalar om årlege bidra. Av desse er 19 målbedrifter som får offentleg støtte til kjøp av tenester i næringshagen. Desse bedriftene har også utvida til rapportering om utvikling av drift og økonomi.

Dei viktigaste arbeidsområda til Næringshagen i Hardanger kan summerast opp slik:

- NIH skal bidra til økonomisk meirverdi for bedriftene som er tilknytt bedriftsmiljøet og i særleg grad dei bedrifter som teiknar avtale om å vera målbedrift.
- NIH skal leggja til rette for at medlemsbedrifter kan vera deltakar i miljøet gjennom gjensidig forpliktande avtalar.
- NIH skal vera ein aktiv pådrivar til å komplettera det forretningsmessige tenestetilbodet og kompetansetilbodet i regionen.
- NIH skal etablera og vidareutvikla relevante verdiskapande nettverk.
- NIH skal vera vekstmotivator og pådrivar for å kopla bedrifter mot relevante fagmiljø, vidaregåande skular, FoU-miljø mm.

Status

Då Næringshagen starta opp i 2015 vart det utarbeidd eit budsjett med forventning om støtte frå kompensasjonsmidlar for dette året, men sidan midlane ikkje var lyst ut har NIH difor måtta dekkja deler av etableringskostnadane ved hjelp av låneopptak.

Dei inntekter som næringshagen får av tenester til medlems- og målbedrifter og dei tilskot ein får frå SIVA og Hordaland Fylkeskommune går stort sett med til dagleg drift av næringshagen. Det er oppstartkostnader som går ut over det som tidlegare er gjeve stønad til det vert søkt midlar til.

Næringshagen i Hardanger er framleis i ein etableringsfase og ynskje om auka aktivitet er stor. Hovudtyngda av målbedrifter er no i Kvam, Jondal og Eidfjord, men auka innsats i dei andre Hardanger-kommunane er planlagt. Av nye prosjekt kan nemnast å vidareutvikla Hardangermeny til ein organisasjon som kan organisere mottak og distribusjon av kortreist mat frå Hardanger, samt å utvikla produksjon av bær og vidareforedling av frukt.

Kostnadsplan

Tittel	2016	SUM
Etableringskostn. 2015	540 877	
Investeringar 2016	400 000	
Sum kostnad	940 877	940 877

Finansieringsplan

Tittel	2016	SUM
Eigenandel	140 877	140 877
Kompensasjonsmidlar Hordaland	800 000	800 000
Sum finansiering	940 877	940 877

Vurdering opp i mot kriteria

Målgruppa for kompensasjonsmidlar er definert som regionale utviklingsaktørar, kommunane og større bedrifter. Med regionale utviklingsaktørar meinast organisasjonar og andre som har til føremål å arbeida med næringsutvikling i vid forstand.

Pkt 3. Med næringsretta meinast tiltak og prosjekt som legg til rette for auka entreprenørskap og innovasjon, styrking av næringsretta kompetanse, næringsretta infrastruktur og styrking av nærings- og innovasjonsmiljø.

Næringshagen sin søknad fell difor godt inn under kriteria for bruk av midlane. . Kostnadane er på 2015 og finansiert med lån. Styringsgruppa meiner at sidan midlane ikkje vart lyst i 2015 er søknaden innanfor kriteria.

Kompensasjonsmidlar 2016: kr. 500 000,-

4.4 Ungt entreprenørskap i Hardanger – søkjar Næringshagen i Odda

Bakgrunn

Ungt Entreprenørskap i Hardanger vart etablert som eit prosjekt i 2010 av NHO og UE Hordaland saman med Næringshagen i Odda. Ullensvang og Odda hadde en partnarskapsavtale med UE i utgangspunktet, og per i dag har aktiviteten auka til å omfatte alle Hardangerkommunane. Kvam herad har vore med på nokre av aktivitetane tidlegare, og teikna frå hausten 2015 av full samarbeidsavtale. Kvam er i dag ein av kommunane i Hordaland som har mest aktivitet i skulane, og breiast deltaking frå kommune og næringsliv. Kvam ungdomsskule har fått til ei strek satsing på elevbedrift, og det er eit mål at dette programmet skal startast opp også på andre skular i Kvam og Hardanger.

Prosjektbeskrivelse

Prosjektet omfattar barne- ungdoms- og vidaregåande skule, og bidreg til å utvikle ein kultur for entreprenørskap. Gjennom samarbeid med nærings- og arbeidslivet lærer dei å sjå moglegheitene i sitt eige lokalsamfunn og får engasjement for lokal verdiskaping. Elevane vert rusta for framtida sitt arbeidsliv.

I prosjektperioden vil fokus vere på å vidareføre dei faste programma, og auke aktiviteten spesielt på bedriftsprogramma. Det vil og vere eit mål å skaffe samarbeidsavtalar med næringslivet for å sikre vidare langsiktig drift.

Prosjekt mål

- Utvikle elevane sin kreativitet og skaparglede og førebu dei på framtida sitt arbeidsliv
- Utvikle dei unge sin lokale identitet og inspirere til å bidra i lokal verdiskaping
- Tilretteleggje for samarbeid mellom skulen og andre lokale krefter
- Tilby verkty og opplæring i entreprenørielle metodar som lærarar kan dra nytte av i undervisinga
- Fokus dei neste åra vil være særleg på å auke deltakinga i bedriftsprogramma Elevbedrift (ungdomsskulen) og Ungdomsbedrift (vgs), sistnemnde særleg innan yrkesfag. Dette er også eit satsingsområde for UE nasjonalt. Kvam Ungdomsskule har kome langt med elevbedrift, og vil vere ein god ressurs i det vidare arbeidet.
- Skaffe langsiktige samarbeidsavtalar med næringslivet og sikre stabil drift. Fornye medlemskap med alle Hardangerkommunane (3-årige avtalar).

Forankring

Fagleg forankring i UE nasjonalt og i fylket.

Forankring i kommunane gjennom samarbeidsavtalar, og gjennom arbeid ut mot den enkelte skule og lærar.

Forankring i lokalsamfunnet gjennom samarbeid med frivillege rettleiar frå arbeids- og næringslivet.

Prosjektorganisering

PA: Næringshagen i Odda

Fagansvarleg: UE i Hordaland

PL: Signe Sandvik i 60% stilling

Samarbeidspartnarar

Hardangerrådet
Hordaland Fylkeskommune
Sparebanken Vest
Kvam Kraftverk
Hardanger Energi
TiZir
Kommunane i regionen

Aktivitetar

Faste aktivitetar i skulane:

- Vårt Lokalsamfunn på småsteget
- SMARTare energi på mellomsteget
- Elevbedrift, Økonomi og Karriereval på ungdomssteget
- Ungdomsbedrift på vgs

Elles vert det arrangert innovasjonscampar og andre aktivitetar etter ynskje og kapasitet. Lærarkurs og kurs for rettleiarar i forkant av programma.

Effekter

Forsking på UE sine program tyder på

- auka vilje til busetting på heimstaden
- auka kunnskap om og interesse for verdiskaping og entreprenørskap
- auka sannsynlegheit for å starte eigen bedrift (Østlandsforskning)

Tids- og kostnadsplan

Desember 16:

Gjennomført kurs i Vårt Lokalsamfunn og SMARTare energi
Gjennomført innovasjonscamp på Hardangerkonferansen
Starta elevbedrift på 1 ny skule
Sikra 1 ny langsiktig sponsoravtale

Juni 17:

Gjennomført Vårt Lokalsamfunn i skulane
Gjennomført Kurs i Økonomi og Karriereval, og gjennomført programmet i skulane
Gjennomført kommunekåringar og fylkesfinale i SMARTare energi
Teikna nye treårige kommuneavtalar
Sikra 1 ny langsiktig sponsoravtale

Desember 17:

Gjennomført kurs i Vårt Lokalsamfunn og SMARTare energi
Gjennomført 1-2 innovasjonscampar
Starta elevbedrift på 1 ny skule

Juni 18:

Gjennomført Vårt Lokalsamfunn i skulane
Gjennomført Kurs i Økonomi og Karriereval, og gjennomført programmet i skulane
Gjennomført kommunekåringar og fylkesfinale i SMARTare energi

Gjennomført kurs/nettverkssamling i Elevbedrift

Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	SUM
Administrasjon og drift	50 000	100 000	50 000	200 000
Aktivitetskostnader	210 000	470 000	240 000	920 000
Forankring og mobilisering	100 000	150 000	70 000	320 000
Sum kostnad	360 000	720 000	360 000	1 440 000

Prosjektperioden følger skuleåret, dvs f.o.m. juni 2016 t.o.m. ut vårsemester 2018.
Lønskostnadar og reisekostnadar er fordelt på dei ulike postane.

Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	SUM
Hardangerrådet	100 000	100 000		200 000
Kommunar	67 500	157 000	90 000	314 500
Kompensasjonsmidlar				
Hordaland	50 000	100 000	50 000	200 000
Næringshagen i Odda	17 500	30 000	15 000	62 500
Næringsliv frivillige timar	60 000	120 000	60 000	240 000
Næringslivet, egenkapital	65 000	213 000	145 000	423 000
Sum finansiering	360 000	720 000	360 000	1 440 000

Prosjektperioden følger skuleåret, dvs f.o.m. juni 2016 t.o.m. vårsemester 2018.
Det er rekna ein timesats på kr 550 for frivillige timar.

Vurdering opp i mot kriteria

Målgruppa for kompensasjonsmidlar er definert som regionale utviklingsaktørar, kommunane og større bedrifter. Med regionale utviklingsaktørar meinast organisasjonar og andre som har til føremål å arbeida med næringsutvikling i vid forstand.

Pkt 3. Med næringsretta meinast tiltak og prosjekt som legg til rette for auka entreprenørskap og innovasjon, styrking av næringsretta kompetanse, næringsretta infrastruktur og styrking av nærings- og innovasjonsmiljø.

Ungt entreprenørskap sin søknad fell difor godt inn under kriteria for bruk av midlane

Kompensasjonsmidlar 2016: kr. 50 000,-.

4.5 Samanslåing og bedriftsutvikling – søkjar Øystese gymnas

Bakgrunn

Norheimsund vgs og Øystese gymnas skal slå seg saman til ein skule. I den samanheng ynskjer skulane i samarbeid med Hardanger Næringshage og ei lokal marknadsføringsverksemda til å skapa ein god og framtidretta vidaregåande skule. Kompensasjonsmidlane skal utløysa at ein i omstilling får tid til gode prosessar og ein aukar endringskapasiteten i organisasjonen. Skulane vert slått saman administrativt frå 1. august 2016 og vert slått saman økonomisk frå 1. januar 2017. Skulane skal drivast vidare i fleire avdelingar fram til nytt skulebygg står ferdig i 2026.

Skulen ynskjer prosjektet i gongsett for å utvikla og bevare den vidaregåande skulen i Kvam. Den vidaregåande skulen i Kvam er liten og bør ha moglegheit til å verta ein større og meir robust skule.

Dette prosjektet er nødvendig for at skulane i ein overgangsfase leggje til rette for og sikre ei god bedriftsutvikling og bygging av ein ny felles kultur i dei to vidaregåande skulane som skal verta ein.

Den vidaregåande skulen i Kvam er viktig for å behalda ungdomen lokalt. Dei er viktige for framtida til Hardanger og Kvam. Elevane må få høg kompetanse og verta i stand gjennom skulegong til å drive regionen vidare. Pr i dag er Kvam ein av dei kommunane i Hordaland der flest elevar går på vidaregåande skule utanfor sin kommune. Det er difor viktig å marknadsføre tilboda våre på ein god og profesjonell måte i regionen.

Ein annan viktig bakgrunn for prosjektet er å knyte sterkare band mellom dei ulike aktørane skule, lokalt næringsliv, Næringshagen i Hardanger, Kvam næringsråd og Kvam Herad.

Prosjekt mål

Skapa ein felles, solid og framtidretta vidaregåande skule i Kvam saman med lokalt næringslivet og marknadsføre denne gode skulen utover kommunegrensene gjennom merkevarebygging.

Delmål:

- 1) Auka elevtalet i den nye skulen. Prosjektet vil føre til at fleire elevar går på den nye vidaregåande skulen i Kvam. Dette kan me etterprøve i elevstatestikkar.
- 2) Den samanslåtte skulen skal vera ein god stad å vera for elevar og tilsette. Dette kan etterprøvast gjennom elevundersøkinga i HFK og gjennom medarbeidarundersøkingar. Brukarundersøkingane bør vera like gode resultat i den nye organisasjonen som det har vore i dei 2 skulane fram til i dag.
- 3) Gode elevresultat innan yrkesfag og studieførebuande klassar. Dette kan etterprøvast gjennom statestikkar og gjennomføringsgrad og samanlikningar med resultat i nasjonale statestikkar. Innan yrkesfaga kan me etterprøva resultatata gjennom lærlingeordningar og tilbakemeldingar frå lokalt næringsliv.

Måla skal nåast gjennom evalueringar og dialog med næringsliv og brukarar.

Forankring

Prosjektet er forankra i skulebruksplanen til Hordaland Fylkeskommune. Den seier at HFK vil ha ein vidaregåande skule i Kvam og investera i nytt bygg kring 2026. I tillegg er prosjektet forankra i Hordaland Fylkeskommune om regional utvikling som seier at Regionsentra i Hordaland skal ha ein vidaregåande skule.

Lokalt er det viktig at dei to skulane som skal slå seg saman utviklar ein god og felles bedriftskultur der skulen er i tett samarbeid med lokalt næringsliv(Næringshagen i Hardanger)

Den nye skulen må driva merkevarebygging og koma i takt med omgivelsane sine gjennom god marknadsføring og bevist strategi inn mot media.

Målgruppa for dette prosjektet er heile samfunnet kring ein vidaregåande skule. Elevane får ein god skule, næringslivet får gode lærlingar og arbeidstakarar, næringslivet får god lokal arbeidskraft som kan utvikla lokalt næringsliv, kommunen får god arbeidskraft med lokal tilknytning.

Ein ny og god vidaregåande skule med gode resultat og lite fråfall vil koma heile samfunnet til gode.

Resultat

- 1) Betre omstilling og overgang til ny felles skule.
- 2) God internkontroll og gode system for drift av organisasjonen.

- 3) God struktur gjer skulen attraktiv og elevane får kvalitet i kvardagen.
- 4) Skulen har god forankring og er robust og sterkare i ein overgangsperiode.
- 5) Den nye skulen er raskt opp og "går"
- 6) Den nye kulturen er basert på og forankra i den lærande organisasjon.
- 7) Den nye skulen bevare kompetanse og kunnskap frå begge skulane. Prosjektet sikrar særleg næringslivet sine ynskjer og behov inn i den nye kulturen.
- 8) Lukkast omstillinga kan den felles nye skulen vera med på nyutvikling og næringsutvikling regionalt gjennom ein atraktiv skule.

Effekt

- brukarane vert nøgde og skulen driv heilskapleg og god opplæring.
- God kvalitet og kompetanse etter endt skulegong.
- Tett og utviklande samarbeid mellom skule og næringsliv.
- Elevane søker seg inn på den nye skulen og reiser ikkje bort etter 10. klasse.
- Bevert ein god kultur i organisasjonen og driv næringsutvikling i den nye kulturen.

Samfunnseffekt:

- Elevane vert verande lengre i lokalsamfunnet
- Næringslivet får kvalifisert arbeidskraft lokalt (slepp rekruttering)
- Regionen vert attraktiv og flytta til. Auka befolkning og tilflytting.
- Mindre fråfall og droppout når elevane bur heime i staden for på hybel.
- Levande lokalsamfunn.
- Samsvar mellom næringslivet sine behov og det skulen utdannar elevane til.

Prosjektorganisering

Det vil verta tilett ein kordinator for dette arbeidet. Personen vil jobba over 3 år mot:

- 1) Skulen og bygging av ny felleskultur og organisasjonsstruktur i den nye skulen
- 2) Lokalt næringsliv og reforhandla og vidareutvikla formalitetane og utvikle skulen i samsvar med næringslivet lokalt sine behov og forventningar
- 3) å bygge eit merkevare kring den nye skulen og markandsføre skulen lokalt og regionalt.

Prosjektleiari bør ha eit breidt nettverk og ha erfaring med prosjektleiing. Det er ein fordel om prosjektleiar har breid bakgrunn innan offentleg forvaltning og næringsliv.

- **Samarbeidspartnarar**
Øystese gymnas og Norheimsund vgs. Heile organisasjonen bidreg.
- Næringshagen i Hardanger/KNR: Rådføring, støtte, veileiing, bindeledd inn mot lokalt næringsliv
- Bukken: Marknadsføring og varemerkebygging av den nye skulen.

Målgrupper

Målgruppa for dette prosjektet er heile samfunnet kring ein vidaregåande skule. Elevane får ein god skule, næringslivet får gode lærlingar og arbeidstakarar, næringslivet får god lokal arbeidskraft som kan utvikla lokalt næringsliv, kommunen får god arbeidskraft med lokal tilknytting.

Ein ny og god vidaregåande skule med gode resultat og lite fråfall vil koma heile samfunnet til gode.

Tids- og kostnadsplan

Hausten 2016: Prosjektgruppa oppretta og prosjektplan oppretta.

2017: Prosjektet kjem i gong. Det vert arbeid i samsvar med prosjektplanen. Lage felles bedriftskultur, etablera kontaktar med næringsliv, ny organisasjonskart, utvikling av ny struktur, vidareføring og arbeid med kulturendring og bygging av ny kompetanse for den felles skulen, formalisera internkontroll og gode kontraktar med samarbeidspartnarar. Siste kvartal: Evaluering og konklusjon/status på arbeidet så langt.

2018: Implementering av den nye kulturen og utprøving av prosjektet. Samkøyring og oppfølging av tiltaka, samt justeringar etter evalueringar. I siste kvartal vert det evaluering/status og justeringar.

2019: Marknadsføre skulen utover komunegrensene og vidareutvikla organisasjonen mot felles mål og kultur. Siste kvartal: Sluttrapport og prosjektet fullført.

For å halde framdrift i prosjektet vert det arbeidsmøte kring utviklinga minst ein gong kvar mnd.

Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	SUM
Prosjektleiari	650 000	650 000	650 000	1 950 000
Reise,møte, marknadsføring	50 000	100 000	200 000	350 000
Sum kostnad	700 000	750 000	850 000	2 300 000

I samband med marknadsføringsposten er Bukken AS omtala som ein mogleg samarbeidspartnar. Men skal det kjøpast tenester, må ein forholde seg til regelverk om offentleg anskaffelse og andre aktørar kan vera aktuelle.

Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	SUM
Kompensasjonsmidlar Hordaland	700 000	750 000	850 000	2 300 000
Sum finansiering	700 000	750 000	850 000	2 300 000

- Hovudutgiftene går til prosjektleiaren
- Auke midlar til marknadsføring mot slutten av prosjektet.
- Øystese gymnas/Norheimsund vgs bidreg med kontor,telefon, data mm. og i tillegg vil skulen jobbe mykje med eigne resurssar inn mot den nye skulen.

Vurdering opp i mot kriteria

Styringsgruppa meiner at det er det offentlege si oppgåve å stilla nok ressurssar til rådvelde for at den «nye» skulen skal framstå som ein felles framtidsretta vidaregåande skule.

I søknaden vert det og sagt at skulen ynskjer å knyta sterkare band mellom dei ulike aktørane skule, lokalt næringsliv, Næringshagen i Hardanger, Kvam Næringsråd og Kvam herad.

Bedriftene er oppteken av at det vert utvikla eit tett og godt samarbeid skulle næringsliv. Styringsgruppa rår til at søknaden vert støtta med eit redusert beløp.

Det er ein føresetnad at midlane vert nytta til auka samarbeid mellom skule – næringsliv, og at det skal vera fokus på å styrkja yrkesfaga. Dette må koma fram i ein ny søknad før midlane kan tildelast.

Kompensasjonsmidlar 2016: kr. 300 000,-

5.0 ANNA

5.1 Benkeprosjekt – søkjar Moster Amfi

Bakgrunn

Moster Amfi vart bygd som eit uteamfi i ei nedlagd kalkgrue i 1983/84. I 1994/95 vart det bygd billettkontor, svalgong oppe bak amfiet, utstillinga "Frå heidendom til kristendom", kafe og ein fjellhall. Mostraspelet "Kristkongane på Moster" har vore spelt samanhengande i over 30 år, og har vorte sett av nærare 200 000. Dei mest kjende musikalane har vorte framførte dei seinare åra. Det er ulike konsertar og årvisse gudstenester og stemner.

I dag er Moster Amfi og Kyrkjehistoriske senter eit regionalt kulturanlegg, eigd av Hordaland fylkeskommune og Bømlo kommune.

Det er omvisingar, kunstutstillingar, intimkonsertar, geologiseminar, opplevingsdagar, bedriftsbesøk, selskapsarrangement, konferansar og møter.

Etter meir enn 30 år trong sjølve amfiet ei rehabilitering, særleg benkene.

Mange var etter kvart skeptiske til å sitja to timar og meir i amfiet på benker uten ryggstø og med for låge sete.

Massen under scene og dei gamle benkene vart skifta ut og erstatta med grov singel. Heile amfiet vart drenert og avløp lagt ut gjennom gammal gruvegong før påfyll av singel og forskaling. Heile amfiet støypt i avsatsar som fundament for benker. Benker med rygg montert av vedlikehaldsfritt materiale med nummerskilt på alle plasser. Det er lagt skiferheller på scene og trapper.

Prosjekt mål

Ein ville oppnå betre sitjekomfort med ryggstø, og lettare inntak av publikum med nummererte rader og plasser.

Forankring

Styret la fram planane om oppgradering for generalforsamlinga i april 2015. Eigarane, Hordaland fylkeskommune og Bømlo kommune, gav grønt lys for planane.

Prosjektorganisering

Prosjektleiaren har vore styremedlem Ola Ersland. Han har hatt fagleg bistand av Eivind Hope, privat næringsdrivande innan bygg.

Samarbeidspartnarar

Samarbeidspartnere er Hordaland fylke som har formidla støtte gjennom regionale kulturmidlar og regionale midlar, og løyvd pengar på årets budsjett.

Bømlo kommune har også løyvd pengar på revidert budsjett.

Elles er det gitt støtte frå Finnås Kraftlag, Sparebanken Vest, SR-bankstiftelsen, Landmark Maskin, Bremnes Seashore, Fylkesnes Fisk, Aasen Shipping, og mindre beløp frå fleire bedrifter samt frå privat personar.



Foto: Moster Amfi

Resultat

Prosjektet vil medføra at folk ikkje lenger gruar seg til opplevingar dei gjerne vil ha med seg i amfiet. Folk vil få meir igjen av opplevingane ved betre komfort. Publikum kan bestilla sin plass, og slepp å stå i kø i timesvis til populære arrangement for å sikra seg god plass.

Tids- og kostnadsplan

Masseutskifting, drenering oktober 2015 - mars 2016

Forskalin/ støyping jan 2016 - april 2016

Montering av benker mars 2016 - april 2016

Kostnadsplan

Tittel	2016	SUM
anbod masseuttak og støyping	2 900 000	2 900 000
anbod treverk	1 690 000	1 690 000
diverse	410 000	410 000
ekstrakostnad drenering og skifer	500 000	500 000
ekstrakostnad scene og trapper	850 000	850 000
konsulenthjelp og prosjektleiing	250 000	250 000
Sum kostnad	6 600 000	6 600 000

kostnadsplanen ser ut til å bli overskriden med 200000

Finansieringsplan

Tittel	2016	SUM
Bømlo kom. rev budsjett 2016	500 000	500 000
forventa momsrefusjon	700 000	700 000
Fylket budsjett 2015	500 000	500 000
Kompensasjonsmidlar Hordaland	1 500 000	1 500 000
kulturbygg m/regionale funksjonar	950 000	950 000
RUP-midlar	1 000 000	1 000 000
Sparebanken Vest	250 000	250 000
Sponsormidlar	670 000	670 000
SR-bankstiftinga	75 000	75 000
tilskot frå finnås Kraftlag	455 000	455 000
Sum finansiering	6 600 000	6 600 000

Stipulerte sponsormidlar er kraftig nedjustert frå starten. Oppseiing og nedbemanning i mange bedrifter gjer det vanskeleg for dei å bidra som normalt. Bedriftene har difor prioritert at det kan nyttast kompensasjonmidlar i staden for sponsormidlar.

Vurdering opp i mot kriteria

Søkjjar og tiltak er forankra i Bømlo, søkjjar tilfredstillar krav om god gjennomføringsevne og søkjjar er innanfor målgruppe som ein regional utviklingsaktør, her innan reiseliv og turisme.

Det var opphavleg i finansieringsplanen rekna med ca 1,5 mill meir i sponsormidlar. Grunna situasjonen i næringslivet har dei største bedriftene i Bømlo prioritert å bruka kompensasjonsmidlar i staden for sponsormidlar.

Under kriterier for kva tilskotet ikkje kan dekke står: «Renter og avdrag på lån og refinansiering av gjennomførte prosjektet.» . Midlane vart ikkje lyst ut i 2015 og selskapet måtte difor ta opp lån.

Styringsgruppa meiner at søknaden bør stettast, då dei omsøkte midlane er dekking av manglande sponsormidlar på grunn av situasjonen i næringslivet.

Kompensasjonsmidlar 2016: kr. 1 500 000,-

5.2 Arena for frukt og sider i Hardanger – søkjar Øystese Næringslag

Bakgrunn

Gjennom eit treårig prosjekt ynskjer Øystese næringslag i samarbeid med frukt- og siderprodusentane å utvikla Hardanger frukt og siderfestival til å verte ein attraktiv og naturleg møteplass for produsentar av frukt- og sider og ulike kundegrupper. I prosjektperioden ynskjer ein også å utvikle kvalitetsstandard for saft og sider og landsdekkande konkurranse for produkta.

Det er stor giv i fruktdyrkinga i Hardanger. Dei siste åra har det, og spesielt i Kvam, vore planta nye store felt med tettplanta eple- og plomme tre. Det er venta at volumet av fruktproduksjonen i Hardanger vil auke i åra som kjem. Dei siste åra er det etablert fleire nye verksemder som satsar på vidare foredling av frukt- og bær, og fleire er i planleggingsfasen. I dag er meir enn 12 småskala matprodusentar i Kvam som brukar frukt- og bær som råstoff. Fram til no har det vore god marknad for saft- og siderprodukta, men det er noko uro blant produsentane for framtida, når ein ser på auken i volumet. Ein større og meir profesjonell frukt- og siderfestival kan setje søkjelys på norskprodusert sider og det kan bli ein viktig og god møteplass for produsent, leverandør og ulike kundegrupper.

Hovudmål

- Auke produksjonen av sider og saft i Hardanger med 20% på tre år
- Utvikle ein arena for kompetanseheving og nettverksbygging og mellom sider- og saftprodusentar og ulike kundegrupper.

Delmål

- Utvikle ein offisiell nasjonal kåring av Norges beste sider. Etablere ein offisiell kvalitetsstandard og merking av sider.

Hardanger frukt- og siderfestival:

- skal verte den største fruktfestivalen i Noreg
- skal vere det største og mest attraktive utstillingsvindaugget for saft og sider i Norge
- skal vere arena for årleg kåring av Norges beste saft og sider og staden der det vert utdelt prisar for god kvalitet
- skal etablerast som ei verksemd med god økonomi og fast tilsett dagleg leiar
- norsk produsert sider og saft skal vere så kjend og ha så god kvalitet at hotell- og restaurantbransjen ser det som heilt naturleg tilbod til sine gjestar.

Forankring

Prosjektet er forankra i målet om at kompensasjonsmidlane skal nyttast til utviklingstiltak og prosjekt. Prosjektet er også forankra i den organisasjon og styringsgruppa som er for Hardanger frukt- og siderfestival i dag, blant frukt- og siderprodusentar, blant hotell- og restaurantbransjen, førebels i lokalområdet.



Foto: Johannes Sekse

Prosjektorganisering

Prosjektleiing

- Øystese Næringslag eig prosjektet
- Øystese Næringslag ved styreleiar, for tida, Gjermund Stuve, er prosjektansvarleg
- Næringshagen i Hardanger skal vere prosjektleiar. Prosjektleiar vert tilsett når finansieringa av prosjektet er klar.

Andre rollar og bemanning

- Det vert etablert ei styringsgruppe for prosjektet, med representantar frå siderprodusentane, fruktdyrkarane i Kvam, hotell- og restaurantbransjen og Øystese Næringslag
- Når prosjektet startar opp vert behovet for ein referansegruppe vurdert.

Samarbeidspartnarar

Siderprodusentlaget

Søknad til Hordaland fylkeskommune (HNN)

Fruktdyrkarane i Hardanger

Kvam Fruktdyrkarlag

Hotell- og restaurantbransjen

Reiselivsorganisasjonar

Etablert komitee for Hardanger frukt. og siderfestival

Nofima

Nibio

Aktivitetar

- Etablere prosjektgruppe og styringsgruppe. Godkjenning av detaljert handlingsplan.
- Utvikle forretningsmodell for nye Hardanger frukt- og siderfestival
- Utvikle Landskonkurransen for sider og saft
- Kriterier for vurdering av kvalitet
- Møte og knytte til seg andre aktørar og bransjar som har landskonkurransar for mat- og drikkevarer, Bryggeri- og drikkevareforeningen, Matmerk, Nofima og Nibio til dømes.
- Studieturar
- Utvikle Hardanger Frukt- og siderfestival som møtearena for produsentar av saft og sider og ulike kundegrupper
- Møteverksemd og kontakt med verksemd organisasjonar både for produsentar og kundegrupper
- Gjere Hardanger Frukt- og siderfestival og landskonkurransen landskjent.
- Utvikle marknadsføringsplan
- Gjennomføre planen

Målgrupper

- Frukt- og siderprodusentar
- hotell- og restaurantbransjen

Resultat

Meir produksjon av saft og sider i Kvam og Hardanger

Gode omsetnadskanalar for saft og sider

Meir norske produkt seld til hotell- og restaurantgjestar.

Vurdering opp i mot kriteria

Hovudmålet er å auka produksjonen av saft og sider med 20 % på tre år, kompetanseheving mellom sider – og saftprodusentane og ulike kundegrupper. Tiltaket støttar opp under strategiar innan reiseliv, nyskaping og kompetanseheving og vil kunna gje inspirasjon og overføringsverdi til småprodusentar som nyttar lokale råstoff,

jamf. produksjon av saft, syltetøy, chotney , tørka frukt mm. Dette prosjektet bør knytast tett opp i mot lokalmatprosjektet i Hardanger.

Det er søkt om kompensasjonsmidlar for åra 2016 til og med 2017 på over 50% av totalkostandane i prosjektet. Ordninga med kompensasjonmidlar fell vekk frå 2017. Styringsgruppa rår til at søknaden vert stetta med eit redusert beløp. Midlane skal nyttast til å laga ein plan for ei satsing på sider og frukt i Hardanger som kan stå på eigne bein uavhengig av kompensasjonsmidlar.

Kompensasjonsmidlar 2016: kr.100 000,-

5.3 Visjonsprosjektet «Tett på» - søkjar Hardanger og Voss museum

Bakgrunn

Hardanger fartøyvernssenter (HFV) er ein viktig arbeidsplass i Kvam med unik kompetanse og næringsverksemd i heile landet. HFV er lærlingebedrift, reiselivsaktør og kunnskapsarena. Området treng ein ny infrastruktur, ei modernisering og opprusting av nedslitte bygg og uteområdet. Dette har vore planlagt i lang tid og vart mogeleg ved at HFS i 2016 kjøpte naboeigedom ved Strandvegen og næringsbygg for nødvendig utvikling av verftet og som attraksjon. Eit visjonsprosjekt- og forprosjekt er gjennomført. Ei tildeling av prosjekteringsmidlar vil vera utløyssande for hovudprosjektet. Hardanger Fartøyvernssenter ynskjer å koma vidare med den store investeringa i sentrum av regionsenteret Norheimsund.

Næringsbygget (1000m²) skal transformerast til publikumsmottak, kafe, utstillingsareal, maritimt vitensenter, nasjonalt delelager/nettbutikk og samlokalisering av kontor/ fagbibliotek (900m² i 2.høg) med vitenpark ute.

Verftsdelen treng ein betre infrastruktur for å imøtekoma auka etterspurnad og for å ha ei rasjonell og god drift. Gode verkstader og rasjonelle produksjonslinjer med gode arbeids- og garderobetilhøve er ein føresetnad for auka verdiskaping.

Mål:

- Auka produksjon og inntening i verftsdelen med gode verkstader og rasjonelle produksjonslinjer samt betre kontor- og garderobefasilitetar.
- Dobla kapasitet som attraksjon med auka verdiskaping.

Hardanger fartøyvernssenter er ei avdeling ved Hardanger og Voss museum. Senteret er eit nasjonalt kompetansesenter for fartøyvern og museum for maritim kultur. Med god stønad frå private, Kvam herad, Hordaland fylkeskommune og staten, har Hardanger fartøyvernssenter frå 1984 utvikla seg til å bli eit kraftsenter for maritim kultur.

Med utgangspunkt i opne museumsverkstader og seglande fartøy driv senteret ei utprega aktivitetsbasert formidling. Senteret har årleg om lag 15000 besøkande. Visjonen er: «Gode opplevingar å bryna seg på.»

«Tett på» er eit prosjekt som skal leggja til rette for at aktiviteten i restaureringsverftet og verkstadane vert føremålstenleg både for produksjon og formidling. Me vil ha publikum tett på alle dei maritime faga som utøvast ved senteret. Slik vil me bringa vår maritime historie og dei verneverdige fartøya våre tettare på turistar, skuleelevar og innbyggjarar i regionen.

Prosjekt mål

Vidareutvikla Hardanger fartøyvernssenter med auka produksjon, restaurering og inntening i verftsdel, båtbygging, sal av produkt (butikk/nettbutikk fartøydeler) leirskule og som reiselivsattraksjon. Målet er å dobla besøkstalet til 30 000 innan 3 år. Beta infrastruktur med gode verkstader og arbeidsforhold.



Foto. Gro J. Gjerde

For å koma i gang med hovudprosjektet «Tett på», er prosjektering nødvendig første steg med innleige av arkitektfirma. Prosjektleiing og søknader om finansiering er eigeninnsats.

Neste fase er bygging og kan skje straks og i bolkar etter kvart som finansiering kjem på plass, kan henda som sysselsetjingsprosjekt om løyvingar blir gitt. Det er i 2016 søkt stat og fylke om midlar til å gjennomføra

Forankring

Plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026.

Viser til Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017, side 18.

4.5.3 Utvikle attraktive regionale senter i distrikta ved mellom anna sterkare prioritering av næringsretta verkemiddel til slike senter.

Viser til «Kommunedelplan for næring og kompetanses 2015 -2023», Kvam herad.

S 17 om opplevingsøkonomi: «Kvam er ein «inngangsportal» til folk som ynskjer å oppleva merkevara Hardanger, ei merkevara som må vidareutviklast i samarbeid med resten av Hardanger. Det skal spesielt satsast på besøkjande familiar med barn og deira ønskjer om unike opplevingar, dei skal oppleva noko unikt når dei kjem til Kvam». Hardanger fartøyvernsenter satsar på familiar og barn og unge som målgruppe og har lagt planar for vidareføring av aktivitetar knytt til det maritime og historie – læra gjennom å gjera (vitenpedagogikk og tradisjonshandverk).

S 18 «Kvam bør utnytte fjorden og legge til rette for aktivitetar i samband med vatn. ... for eksempel ved ... Hardanger fartøyvernsenter.»

s. 19 «Maritime næringar har og klare koplingar mot andre viktige norske næringar som petroleum, fiskeri og reiseliv.

s.20 «Skipsbygging – «... Kvam og Hardanger har lange tradisjonar for maritim næring.

Prosjektorganisering

Prosjekteigar: Hardanger og Voss museum

Styringsgruppe: Styret for Hardanger og Voss museum

Prosjektansvarleg: Direktør Randi Bårtvedt

Prosjektleiar: Konsulent Geir Madsen

Det vil bli sett ned ressursgrupper på finansiering og gjennomføring.

Aktivitetar

Gjennom prosjektering leggja til rette for utvikling av alle bygg og uteareal med vitenpark og ein god infrastruktur med god produksjonslinjer og fasilitetar for dei tilsette og der publikum blir omsyntatt med ein attraktiv publikumsdel. Gjennomføra delprosjekt etter kvart som finansiering fell på plass utfrå totalplanen.

Resultat

30 000 betalande gjester innan 3 år.

Fleire bygde småbåtar (småbåt nr 99 vart levert i juni 2016), utvide marknaden.

Auka produksjon av reip for sal.

Auke i sal av restaureringstenester.

Fleire lærlingar til reipslagarfaget, smed, båtbygging.

Effekter

Auka inntening i Hardanger fartøyvernsenter som del av det konsoliderte Hardanger og Voss museum. Betydeleg overrullingseffekt i handel, transport og overnatting lokalt. Styrka reiseliv Kvam og Hardanger. Styrka eksisterande arbeidsplassar og leggja til rette for nye. Gode arbeidsforhold for tilsette. Utvikla ein god infrastruktur på området/anlegget som ivaretar verftsdel og publikum.

Tids- og kostnadsplan

Søknaden om støtte gjeld detaljprosjektering av tiltaket, inkl. byggesøknadsprosess m.m. Det vert sett i gang hausten 2016 forutsatt at me har midlar til å starte.

Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	SUM
Prosjektering og byggesøknad	1 000 000	1 000 000	2 000 000
Sum kostnad	1 000 000	1 000 000	2 000 000

Kostnadsplan omfattar kun det som gjeld prosjektering, byggesøknadsprosess etc.

Finansieringsplan

Tittel	2016	SUM
Kompensasjonsmidlar Hordaland	2 000 000	2 000 000
Sum finansiering	2 000 000	2 000 000

Finansieringsplan gjeld kun prosjektering, byggesøknar etc.

Vurdering opp i mot kriteria

Søknaden fell inn under fylkeskommunale satsingar, blant anna Regional plan for attraktive senter og Regional Næringsplan 4.2.2 Utvikle attraktive regionale senter i distrikta ved mellom anna sterkare prioritering av næringsretta verkemiddel til slike senter.

I tillegg fell prosjektet inn under reiselivstrategien for Hordaland.

Muligheiter for å nytta kompensasjonsmidlar til å finansiera områda kultur og idrett vart frå 2014 stramma inn. For slike søknader vert det kravd ein særleg dokumentasjon om næringsretta relevans.

Denne søknaden er i frå ein organisasjon som fell inn under ordninga med kompensasjonsmidlar, og styringsgruppa meiner at søknaden har næringsretta relevans fordi ei slik satsing det no vert lagt opp til vil styrka eksisterande arbeidsplassar, vil tilretteleggje for ei auka satsing på reiseliv og vil styrka Norheimsund som regionsenter.

Kompensasjonsmidlar 2016: kr. 1 000 000,-

5.4 Selskap for sal og distribusjon av lokalmat – Næringshagen i Hardanger

Bakgrunn

I dei siste åra har ein sett ei aukande interesse for lokalmat- og drikke, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Dette medfører ein potensielt større marknad med betalingsvilje for produsentar av lokale produkt. Stadig fleire regionar set seg som mål å verta meir synlege og skaffa seg ein tydeleg plass på det nasjonale matkartet og har lokalmat som satsingsområde. Ulike serveringsstader, attraksjonar, tilstelningar og opplevingar satsar på, og ynskjer å tilby turistar og besøkande lokal og kortreist mat og drikke. Grunnlaget for ei større satsing og vekstpotensiale for produsentar av lokalmat- og drikke er her som aldri før.

I Hardanger er lokalmat sentralt i både tradisjon og identitet. Her er mange produsentar av lokal mat og drikke, og fleire av desse er organiserte i Hardangermeny. Styret i Hardangermeny meiner der er eit behov for eit enklare kontaktpunkt mellom produsentledd/ lokalmaten og marknaden (daglegvarehandel, hotell, restaurant etc.) og at det vert arbeida for å betra og leggja til rette slik at produkt frå Hardanger vert tydelegare og meir tilgjengelege for forbrukaren. Styret ser det difor som formålstenleg om det kan utviklast ein eigen driftsorganisasjon som kan ta hand om sentrale oppgåver innan marknadsføring av Hardangerprodukta. For ein vidare vekst i omsetning og formidling av lokale råvarer og produkt vil det vera sentralt å få etablert ein slik sals,- og distribusjonsorganisasjon. Med ein eigen driftsorganisasjon vil produsentane ha hand om større deler av verdiskapinga sjølve og samla sett verta meir synlege i marknaden for lokale produkt.

Ei satsing på god marknadsføring og distribusjon av produkta vil også koma Hardanger som region og dei einskilde serveringsstadane til gode.

Med dette som utgangspunkt gjennomført Hardangermeny i 2014/2015 ein forstudie som tok sikte på å mobilisera og klargjera interessa for eit vidare samarbeid mellom produsentar, gjennom eit forprosjekt.

I eit forprosjekt ynskjer ein å arbeida vidare med å kartlegga produsentane sine konkrete behov for ein felles marknadsføring, - og distribusjonsorganisasjon. Ein må også kartleggja produsentane sin betalingsvilje/finansiering av ein organisasjon som tek hand om sal og koordinering og som er produsentane sin reiskap og bindeledd mot marknaden. Det skal arbeidast med ein forretningsplan for ein slik organisasjon.

Ei endeleg målsetting for vidare arbeid vil vera få etablert ein driftsorganisasjon som kan byggja opp og forvalta eit regionalt merke og ei merkevare, vera eit sals- og distribusjonsapparat for medlemene (eigarane) og bidra til nettverk og kompetansemiljø for medlemene.

Prosjekt mål

Mål for eventuelt hovudprosjekt:

Målet er å skapa ei levedyktig bedrift som er eigd av produsentane. Denne bedrifta leverer samordningstenester til medlemene (eigarane) og sørvar marknaden innan sal og distribusjon av lokal mat og drikke.

Aktuelle samordningstenester kan vera innan marknadsføring med merkevarebygging, sal, innkjøpssamarbeid, lager-samarbeid, distribusjon, nettverksbygging, matmerking, internkontroll og kompetanseheving (produkt- og forretningsutvikling).

Mål for forprosjekt:

Med bakgrunn i eit kartleggingsarbeid i høve produsentane sine behov er målet med forprosjektet å utarbeida ein fullstendig forretningsplan for ein driftsorganisasjon.



Bilete frå nettsida til Hardangermeny

Rammer

Forprosjektet skal kartleggja og avdekka ulike utfordringar knytt til etablering av ein samarbeidsorganisasjon. Behov må kartleggjast og satsingsområde må konkretiserast.

Eit forslag til forretningsplan skal presenterast og investorar må identifiserast. Forpliktande avtalar må føreliggja for eit eventuelt hovudprosjekt. Prosjektet skal avklara overordna forretningsmoglegheiter, samt visjon, misjon og mål.

Tidsramme: 9 mnd
Tidspunkt: 11 april 2016 – 11 januar 2017
Kostnader: 700.000 NOK

Omfang og avgrensingar

Forprosjektet må klargjera grunnlaget for forretningsplanen ved å avklara kva behov produsentane har innanfor dei ulike tenesteområda som felles marknadsføring, merkevarebygging, sal, lagersamarbeid og distribusjon. Det skal gjennomførast ei eiga kartlegging av behov for samordnar distribusjon. Behova må koplast opp mot betalingsvilje.

Basert på dette grunnlaget har forprosjektet som målsetting å utvikla eit forslag til forretningsplan.

Forprosjektet er avgrensa til forretningsplanen. Etablering av verksemda med eigarskap, styre, administrasjon og teikning av naudsynte kontraktar med meir skal gjerast i eit eventuelt hovudprosjekt.

ORGANISERING

Prosjektleiing

Prosjektansvarleg: Tone Søgaard, styreleiar Hardangermeny

Prosjektleiar: Camilla Fykse

Prosjekteigar: Hardangermeny

Styring- og arbeidsgruppe /SAG):

Leiar: Geir Henning Spilde, Spildegarden
Organisasjon: Therese Rykkje Aalvik, Løyntnantgarden
Markand: Marit Buttingsrud, Nøring
Distribusjon: Lene Tørvik, Strandebarm Kjøt
Budsjet: Tone Søgaard, Handalag Opplæringskontor

Referansegrupper:

Organisasjon og samarbeid: Therese Aalvik, Løyntnantgarden, Turid Alice Skjevheim,, Haust, Sigrunn Løkken, Nøring, Torunn Littabø, Sjøtunet.

Merkevarebygging og marknadsføring: Marit Buttingsrud, Nøring, Lars Ingvald Folkedal, Larsastova, Astrid Folkedal, Larsastova, Hans Uglenes, Syse gard, Annhild Oma, Omaeple, Helga Bykjeland, Nøring, Tarjei Aalvik, Bjørnebruket.

Sal og distribusjon: Lene Tørvik, Strandebarm Kjøt, Anne Lise Breiene, Breievne Gard, Anders Gavle Tjødnadalen gard, Eva Almås, Evas Bakeri.

Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	SUM
Prosjektkoordinator og Prosjektleiing (6 mnd)	360 000		
Kontor	12 000		
PC, nettleige og anna utstyr	36 000		
Reiser	24 000		
Møteutgifter	36 000		
Sum kostnad	468 000		

Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	SUM
Eigeandel produsentar/NIH	108 000		108 000
Kompensasjonsmidlar	360 000		360 000
Sum finansiering	468 000		468 000

Vurdering opp i mot kriteria

Interessa for lokalmat- og drikke, både lokalt, regionalt og nasjonalt er aukande. Dette medføre ein potensielt større marknad med betalingsvilje for produsentar av lokale produkt. Stadig fleire regionar har sett seg mål om å vera meir synlege og skaffa seg ein tydeleg plass på det nasjonale matkartet. Her har Hardanger kome eit godt stykke på veg gjennom satsinga på lokalmat gjennom blant anna Hardangermeny, og no gjennom å samla aktørane gjennom satsinga det no vert søkt om.

Prosjektet fell inn under kriteria for bruk av midlar gjennom blant anna reiselivstrategien og innovasjon og entreprenørskap satsinga.

Forprosjektet er avgrensa til forretningsplan. Etablering av verksemda med eigarskap, styre, administrasjon og teikning av naudsynte kontraktar skal gjerast i eit eventuelt hovudprosjekt.

Kompensasjonsmidlar 2016: kr. 300 000,-.

5.5 Bedriftsutvikling på Hardanger Fiskeforedling AS

Hardanger Fiskeforedling AS (Hafi) er eit lokalt lakseslakteri i Kvam herad. Slakteriet er eigd av to lokale oppdrettarar, Lingalaks AS (36,75%) og Tombre Fiskeanlegg AS (32,15), samt Norway Royal Salmon ASA (31,10). Hafi blei stifta i 1986, med produksjonstart i 1987. Dagens slakting og pakking av fisk foregår i dei samme lokala som ved oppstart. Med om lag 35 tilsette, samt ein del innleigd arbeidskraft, er Hafi ein relativ stor arbeidsplass i Kvam herad.

Prosjektbeskrivelse

Hardanger Fiskeforedling AS har engasjert Geoplan AS til utarbeididig av ny reguleringsplan for industriområdet Bakka - Breievne. Reguleringsplanen skal erstatta tidlegare vedteken reguleringsplan for det same området, men som ikkje vart rullert av Kvam herad ved utløp.

Bedriftene som i dag held til innfor det aktuelle industriområdet er Kjellmi AS, Kjell Bråthun maskin og Kranselaget AS. Dette er også bedrifter som ville kunna få moglegheiten til vidare utvikling ved ein ny reguleringsplan, i tillegg til at andre bedrifter kan etablera seg på industriområdet.

Prosjekt mål

Godkjenning av reguleringsplan for industriområdet Bakka - Breievne. Sikra konkurranseevna for bedriftene og danna grunnlag for utviding av slakteriet, og å kunna skape auka aktivitet på industriområdet. Hardanger

Fiskeforedling AS sin eiendom utgjør i dag om lag 5,9 da, noko som er alt for lite dersom vi skal følge med utviklingen innen bransjen.

En godkjent reguleringsplan vi kunne gi Hardanger Fiskeforedling AS muligheten til å utvide tomtearealet, noe som igjen legger grunnlaget for utvidelse av produksjonskapasiteten og ventemerdene i sjøen. En utvidelse av eksisterende anlegg er en forutsetning for fremtidig utvikling av et konkurransedyktig slakteri i Hardanger. En utvidelse gir Hardanger Fiskeforedling AS også muligheten for å kunne etablere en videreførelseslinje av oppdrettsfisk, noe som igjen vil føre til ytterligere sysselsetting og skape ringvirkninger i regionen.

Forankring

Prosjektet for bedriftsutvikling av Hardanger Fiskeindustri AS er forankra hos verksemda sine eigarar.

Prosjektorganisering

Utarbeiding av søknad for godkjenning av reguleringsplan: Geoplan AS v/Heidi E. Ørjanen, Siv. ing. geomatikk/arealplanlegger,

Lokalitetsundersøkelser: Rådgivende biologer, Bjarte Tveranger, cand.real, faglig ansvarlig oppdrett.

Resipientanalyse AS, Frode Berge-Hovland, Cand, Scient i marin mikrobiologi

Resultat

Ein godkjent reguleringsplan vil gje grunnlag for vidare drift av eksisterende slakteri for oppdrettsfisk i Hardanger, samt kunne utvida produksjonen. Samstundes vil det gje grunnlag for ekspansjon av eksisterende verksemder, at det gjev moglegheiter for nyetableringar på industriområdet.

Effekter

Ei utviding av eksisterende fiskeslakteri vil vera grunnlaget for å behalde arbeidsplassane i kommunen/Hardanger. Vidare vil det gje moglegheiter til ytterligere nye produksjonsformer med tilhøyrande auke av arbeidsplasser og auka skatteinngang til samfunnet. Det vil og vera gode moglegheiter for vidareutvikling av andre verksemder som er etablert på industriområdet, samt at andre/nye virksomheter ønsker å etablere seg på Bakka - Breievne industriområde.

Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
	650 000	500 000	500 000			1 650 000
Sum kostnad	650 000	500 000	500 000			1 650 000

Kostnadsplanen for 2017 og 2018 tek utgangspunkt i at reguleringsplanen vert godkjent. Etter godkjenninga skal det iverksetjast undersøkingar av botnforhold i sjøen før ei eventuell utfylling kan iverksetjast. Det dreier seg blant anna om å analysere bunndyr i faunaen og grunnforholda for om det kan pålast eller om det skal lagast ei steinfylling.

Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Egenkapital	200 000	175 000	175 000			550 000
Kompensasjonsmidlar						
Hordaland	1 100 000					1 100 000
Sum finansiering	1 300 000	175 000	175 000			1 650 000

Kompensasjonsmidlar: kr. 1 100 000 fordelt fram til og med 2018. Eigenandel: kr. 550 000

Vurdering opp i mot kriteria

Ei utviding av eksisterande slakteri vil sikra arbeidsplassane i verksemda og gje muligheiter for andre produksjonsformer og auke i arbeidsplassar. Det vil og gje muligheiter for vidareutvikling av andre verksemder som er etablert i industriområdet, samt at det vert tilrettelagt for nye.

I Nasjonale føringar, vedteke 24.06.2011 ved kongelig resolusjon er det sagt at det i regional planlegging under avsnitt om verdiskaping og næringsutvikling, at ein i planarbeid skal ha fokus på blant anna:

- Ta omsyn til ulike næringar sine behov for lokalisering og eigna areal
- Legge til rette for å oppretthalde og vidareutvikle fiskeri og havbruksnæringa

Tilgang på næringsareal og gode transportløyningar kan vera ein flaskehals for utvikling. Dette prosjektet vil kunna leggja til rette for utvikling i ei bedrift, vil kunna leggja til rette for utvikling og ny etableringar samt å sikra avkøyring frå FV 49 inn på industriområdet.

Kompensasjonsmidlar 2016: kr. 500 000,-

5.6 Utvikling av Ålvik sentrum – søkjar Kvam herad

Bakgrunn

Fossekompaniet A/S Bjølvefossen vart stifta i 1906. Kraftanlegget stod ferdig i 1918, og var ein føresetnad for utviklinga av industristaden Ålvik. Gamle Bjølvo Kraftverk vart fasa ut då Nye Bjølvo Kraftverk kom i drift i 2004. Fylkeskonservatoren la ned eit midlertidig vern av heile kraftanlegget. Riksantikvaren oppheva dette i 2014, og rivinga kom i gang våren 2016.

Statkraft er eigar av Gamle Bjølvo kraftverk, og sette av midlar til dokumentasjon av anlegget og til tiltak som formidlar historia til anlegget. Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum gjennomførte dokumentasjonsarbeidet, medan MAD Arkitekter vart hyra for å koma med framlegg til å kopla Gamle Bjølvo si historie med alt skissert plan for Ålvik torg. Resultatet er ei torg- og parkløyning som har eit moderne og framtidsretta uttrykk, og som samstundes nyttar konkrete bygningselement som vert demonterte frå Gamle Bjølvo (sjå vedlagte teikningar/skisser).

Prosjektet vil gje Ålvik sentrum eit omfattande ansiktsløft, og nye møtestader både for lokalfolk og tilreisande. Industriparken har arkitektoniske og historiske kvalitetar som bør gjera denne til ein ny attraksjon i Kvam og Hardanger. Noko areal som i dag vert nytta til parkering, vert gjort om til park. Nye parkeringsareal vert etablert mellom COOP-bygget og Elkem Bjølvefossen. Dette vil vera ei god løysing med tanke på fabrikkens sine parkeringsbehov, og ei rett prioritering av mjuke trafikkantar i torgområdet.

Prosjekt mål

Gjera Ålvik sentrum til eit meir attraktivt og pulserande område, med ei framtidsretta utforming som har i seg historiske element.

Forankring

Prosjektet er i samsvar med ny reguleringsplan for Ålvik sentrum, og har vore på høyring saman med denne. Statkraft, Fylkeskonservatoren i Hordaland, Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum og Ålvik/Ytre Ålvik grendeutval har bidrege i planlegginga.

Prosjektorganisering

Prosjektleder: Stein Rykkje, FDV-leiar i Kvam herad

Prosjektgruppe: Ikkje fastsett ennå

Samarbeidspartnarar

Statkraft, Statens vegvesen, Bjølvefossen, Fylkeskonservatoren i Hordaland, Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum, Ålvik/Ytre Ålvik grendeutval, COOP-bygget, Kvam herad.

Aktiviteter

Prosjektet er eit byggeprosjekt i Kvam herad sin regi, og avgrensar seg til fysiske anlegg/installasjonar.

Resultat

Eit attraktivt torg- og parkområde i samsvar med planane utarbeidd av MAD Arkitekter.

Effekter

- Auka bruk av torgområdet i Ålvik, som møteplass for folk i alle aldrar.
- Auka handel og bruk av andre tenester i området.
- Positiv merksemd rundt Ålvik.
- Ein ny attraksjon i området.
- Ringverknader i form av auka trivsel i Ålvik, med positiv verknad på til dømes busetnadsmønster og rekruttering til arbeidsplassar.

Tidsplan

Prosjektet vert del i 2 etappar, der del 1 omhandlar sjølve torget med flytta nedkøyring, stenging mot veg ned til Bjølvefossen, utvida fortau langs Coop bygget og laga til heile området bak Coop bygg og kafebygget, samt byggja amfi mellom desse bygga og leikearealet nedanfor dette. I tillegg vert gang og sykkelvegen omlagt slik planskissa frå MAD viser. Del 1 er tenkt igangsett 03.10.2016 og ferdigstilt innan 30.04.2018.

Del 2, parkanlegg på dagens parkeringsplass vert etablert etter at erstatningsplassar er etablert for Bjølvefossen (desse inngår i del 2 av prosjektet). Dette arbeidet er tenkt oppstarta 01.06.2018 og ferdigstilt 30.04.2020.

Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Byggjesteg 1	1 500 000	3 000 000	1 528 828			6 028 828
Byggjesteg 2	93 750		1 500 000	2 500 000	862 162	4 955 912
Sum kostnad	1 593 750	3 000 000	3 028 828	2 500 000	862 162	10 984 740

Sjå vedlagt detaljert budsjett.

Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Kommunalt bidrag i 2015	50 000					50 000
Kompensasjonsmidlar Hordaland	3 000 000					3 000 000
Refusjon meirverdiavgift			2 196 948			2 196 948
Rest tidlegare løyvde midlar	2 650 000					2 650 000
Restsum, kommunalt bidrag			2 287 792			2 287 792
Statens Vegvesen, ikkje avklart		0				0
Søknad til andre, ikkje gjort			0			0
Tilskot frå Statkraft, gjenbruk		800 000				800 000
Sum finansiering	5 700 000	800 000	4 484 740			10 984 740

Det må også søkjast om andre bidrag, blant anna vert det prøvd å få Statens vegevesen til å delta i flyttinga av avkøyringa, oppstramming busslomme og eventuelt turistvegmidlar.

Vurdering opp i mot kriteria

Prosjektet fell inn under kriteriet næringsretta infrastruktur, då det vert lagt opp til å tilrettelegga for:

- Auka bruk av torgområdet i Ålvik, som møteplass for folk i alle aldrar.
- Auka handel og bruk av andre tenester i området.
- Positiv merksemd rundt Ålvik.
- Ein ny attraksjon i området.
- Ringverknader i form av auka trivsel i Ålvik, med positiv verknad på til dømes busetnadsmønster og rekruttering til arbeidsplassar.

Kompensasjonsmidlar 2016 kr. 1 000 000,-

5.7 Vidareføring av prosjekt – auka turisme i Modalen – søkjar Modalen kommune

Bakgrunn

Modalen kommune fekk i 2014 tilsegn om kompensasjonsmidlar for oppgradering av Mo sentrum. I 2015 og 2016 vart det laga ny trepromenade, og anlagt park i tilknytning til Bryggjeslottet. Eksisterande strandline er blitt stramma opp og ny badebrygge er etablert der det tidlegare var utskingspir for sand. Det oppgraderte området har fått god mottaking og er mykje brukt av båt-bubilturistar og andre tilreisande. Tiltaket ser ut til å ha ein positive verknad for handels- og reiselivsnæringa.

Modalen kommune ynskjer å byggje vidare på dei gode røynslene frå bruken av kompensasjonsmidlane brukt på uteområde på Mo og vurderer i den samanheng fylgjande prosjekt:

Utviding av båthamn og oppgradering av strum og vassforsyninga til denne.

Ved fleire høve er kapasiteten i gjestehamna sprengt. Det er vurdert ei utviding med ei ny 22m betongbrygge med tilhøyrande straum og vasspostar. Kostnad for brygge ferdig utlagt og forankra er kalkulert til kr 600 000,-

Prosjekt mål

Leggje til rette for auka turisme. Auka turisme vil trygge arbeidsplassane i Mo sentrum. Verksemdar som Mobryggja AS og Mo Handelslag er avhengig god drift i sommar- og i skuldarsesongane. Prosjektet vil også ha stor betydning for drifta av Bryggjeslottet. Det finns fleire mindre verksemdar som vil kunne dra nytte av auka ferdsel til Modalen.

Forankring

Prosjektet er forankra i det lokale næringslivet og i politisk leiing i Modalen kommune.

Prosjektorganisering

Prosjektet vil bli utført ved bruk av entrepriser, Modalen kommune vil stå for innhenting av tilbod og styring av prosjektet.

Samarbeidspartnarar

Modalen kommune vil stå som prosjektansvarleg og samarbeide med lokale næringsinteresser.

Aktivitetar

Utviding av båthamn. Ved enkelte høve er kapasiteta i gjestehamna sprengt. Ein har sett på ei utviding med ei ny

22m betongbrygge i forlenging av eksisterande betongbrygger. Bryggja vert utstyrt med straumskap og vatn postar.

Effekter

Auka turisme, auka omsetnad for nærbutikk reiselivsbedrifter. Auka trivsel for innbyggerane i kommunen.

Tidsplan

Prosjektet er lite og oversiktleg og skal gjennomførast i løpet av ein kort periode. Viktig dato for ferdiggjering ar medio Mai, før sommarsesongen startar.

Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	SUM
Betongbrygge		130 000	130 000
Diverse monteringssjakler		3 700	3 700
Diverse tau og wire		11 234	11 234
Frakt, slep og montering		98 000	98 000
Framføring og montering straum og vatn		20 000	20 000
Kjetting		8 000	8 000
Oppgradering straumnett		200 000	200 000
Ploglodd		14 000	14 000
Pullerter		21 971	21 971
Redningsstige		7 440	7 440
Straum og vannpostar		20 000	20 000
Trekkerør		5 655	5 655
Uvisse		60 000	60 000
Sum kostnad		600 000	600 000

Kostnader i oppsett er ex MVA.

Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	SUM
eigenandel		150 000	150 000
Kompensasjonsmidlar Hordaland	450 000		450 000
Sum finansiering	450 000	150 000	600 000

Vurdering opp i mot kriteria

Mo er kommunesenteret i Modalen, og i Plan for senterstruktur i Hordaland er det sagt følgjande:

Sentera skal utformast slik at dei er attraktive å vera, bu og driva næring i. I delmåla vert det blant anna sagt noko om møteplassar, leikeplassar og balanse mellom handel, private og offentlege tenester.

Styringsgruppa meiner at dette prosjektet fell inn under denne strategien og rår til at søknaden vert stetta.

Kompensasjonsmidlar 2016: kr. 75 220

6.0 TAPT ARBEIDSFORTENESTE STYRINGSGRUPPA OG LØN TIL SEKRETARIAT

Det er sett av ei ramme til å dekkja kostnader med tapt arbeidsforteneste for næringslivsrepresentantane i styringsgruppa og til sekretariatet etter Reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland Fylkeskommune. Sekretariatet sitt honorar skal avklarast med Hordaland fylkeskommune og godkjennast av styringsgruppa.

Kompensasjonsmidlar 2016: kr. 250 000,-.

7.0 FORDELING AV PROSJEKT 2015 og 2016

PROSJEKT INFRASTRUKTUR	Kommune	Omtale side	2015/2016
Bømlopakken	Bømlo	Side 7	29 088 020
Bygging av fortau Tonganevegen	Etne	Side 9	853 910
Turistveg Hardanger Steindalsfossen	Kvam	Side 10	830 000
Infrastruktur i Kvam	Kvam	Side 12	2 246 850
Totalt infrastruktur			33 018 780
PROSJEKT KOMPETANSE	Kommune	Omtale side	2015 og 2016
Omstilling til optimal maritim samhandling	Bømlo	Side 12	5 300 000
Ungt Entreprenørskap i Sunnhordland	Bømlo	Side 16	600 000
Etablering av næringshage	Kvam	Side 19	500 000
Ungt entreprenørskap i Hardanger	Kvam	Side 21	50 000
Samling av Kvam vgs	Kvam	Side 23	300 000
Totalt kompetanse			6 750 000
PROSJEKT ANDRE TILTAK	Kommune	Omtale side	2015 og 2016
Benkeprosjekt Moster Amfi	Bømlo	Side 27	1 500 000
Arena for frukt og sider i Hardanger	Kvam	Side 29	100 000
Visjonsprosjektet «Tett på»	Kvam	Side 31	1 000 000
Selskap for sal og distribusjon av lokalmat	Kvam	Side 34	300 000
Reguleringsplan	Kvam	Side 36	500 000
Ålvik Industripark	Kvam	Side 38	1 000 000
Vidareføring av prosjekt – auka turisme i Modalen	Modalen	Side 40	75 220
Totalt andre tiltak			4 475 220
TOTAL SUM FOR TILDELTE PROSJEKT			44 244 000
ADMINISTRASJONSKOSTNADAR			2015 og 2016
Sekretariat/tapt arbeidsforteneste for styringsgruppa			250 000
Forvaltning HFK			1 599 667
Totalt administrasjonskostnadar			1 849 667
TOTALRAMME			46 093 667

8.0 SØKNADER SOM IKKJE ER INNSTILT

8.1 Utbetring av Skånevik kai – søkjar Etne kommune

Bakgrunn

Kaien i Skånevik er endepunkt for hurtigbåtsambandet i Sunnhordlandsruta mellom Bergen og Sunnhordland. Det er behov for omfattande utbetningsarbeid av kaien.

Kaiplata har skader/sprekker. Ein dykkarrapport frå 2011 viste skader/utvasking i bakvegg og nokre feil med dragar og søyler.

Det er ikkje endelig bestemt korleis kaien skal rehabiliterast. Dette arbeidet er under utgreiing.

For å vurdere den beste løysinga, er det gjeve oppdrag til ein ny dykkarrapport, som skal ha fokus på utvikling av skadane.

Det er anbefalt to ulike alternativ:

- Det skal støypast ny plate på eksisterande kai
- Det blir slått inn spuntvegg i kaifronten. Eksisterande plate blir fjerna.

Tidligere er kr 300 000 satt av til dette prosjektet av Kompensasjonsmidlane for 2011. Desse er ikkje utbetalte. Utbedring av kai er lagt inn i investeringsbudsjettet, men er ikkje fullfinansiert. Kompensasjonsmidlar vil gjere det mogeleg å fullfinansiere prosjektet.

Prosjekt mål

Skånevik er endepunkt for Sunnhordlandsruta mellom Bergen og Sunnhordland. Skånevik er eit trafikkknutepunkt for kommunen og regionen. Utbetring av kaia vil vere eit viktig infrastrukturiltak for å ein god overgang for persontransporten mellom vei og sjø. To snøggåtar ligg ved kai natta over.

Forankring

Kompensasjonsmidlane for 2011 er knytta til utbetring av Skånevik kai. Kommunen har satt av midlar til utbetring av kommunale kaiar i inneværande økonomiplan, men treng kompensasjonsmidlar for fullfinansiering og snarlig utbetring av kaien. Prosjektet har stått på investeringsbudsjettet i fleire år, men har mangla detaljplanar og fullfinansiering.

Prosjektorganisering

Prosjektansvarleg for prosjektet er Etne kommune ved rådmannen.

Resultat

Auka trafikk og betre infrastruktur for befolkning og næringslivet.

Vurdering ut i frå kriteria

Styringsgruppa meiner at søknaden til Skånevik kai fyller kriteria, men at det ikkje er nok midlar til ei støtte.

8.2 Stønad til utvikling og bygging av batteriferge – søkjar Fjellstrand AS

Denne søknaden gjeld utvikling og bygging av batteriferja AMPERE , som er sett inn i sambandet Lavik – Opdal.

Dette er ein søknad som fell inn under forvaltning gjennom Innovasjon Norge, då den er bedriftsintern. Styringsgruppa skal likevel gje si tilråding, sekretariatet har difor sakshandsama søknaden.

Prosjekt mål:

Utvikla, byggja og setja i drift verdens full-elektriske nullutsleppsferje som driftas i eit samband med høg rutefrekvens og som inngår i Europavegnettet.

Fjellstrand AS har stått for design, utvikling, konstruksjon og bygging av ei batteridrive nullutsleppsferje. Dette er den første i sitt størrelsesregime, også på verdsbasis. Ferja si energibalanse er høgt optimalisert opp mot tilgjengeleg elektrisk kraft frå land. Prosjektet er samanfallande med nasjonal fokus på reduksjon av klimautslepp og således i henhold til FN sine anbefalingar.

Behov før auka transportkapasitet på E39 over Sognefjorden, medførte at Vegdirektoratet ville oppgradera ferjeleier som igjen tillot å integrera den nødvendige infrastrukturen på land for å sikre tilstrekkeleg elektrisk forsyning.

Det vert søkt om kr. 13 964 000 til prosjektet for 2016 av ein total kostnad på kr. 193 301 000.

Resultat

Fartøyet er satt i drift og etter innkjøringsperioden har dette en regularitet på drift som er sidestilt med ordinære ferjer.

Energiforbruket ved samme hastighet er halvert.

Teknologien har vist seg å være både klimamessig og kommersielt bærekraftig.

Effekter

Driftsresultatene har gitt grunnlag til at samferdselsmyndighetene i Norge nå i større og større grad vektlegger nullutslipp som grunnlag for selektering av ferjer som driftes på veinettet.

I Europeisk sammenheng er det en klar økning fra samferdselsmyndigheter i forhold til fokus på nullutslipp og batteridrift for passasjer og ferjedrift. Særlig kombinasjonen mellom økonomisk og miljømessig bærekraft har bidratt til dette.

Vurdering opp i mot kriteria

Prosjektet fell inn under fleire av kriteria for bruk av midlane, blant anna hovudstrategi 4.3 Meir entreprenørskap og innovasjon. Her vert det sagt noko om kor viktig det er at etablerte bedrifter bør ha fokus på innovasjon.

Dette prosjektet har høg grad av innovasjon, er eit viktig steg for å redusera utslepp av klimagassar og for å nå nasjonale mål i høve til utslepp.

Under kriteria for bruk av midlane står det at midlane ikkje kan nyttast til å dekkja renter på avdrag og lån eller finansiering av gjennomførte tiltak. (Nasjonale retningslinjer – Forskrift for distrikts – og regionalpolitiske virkemidler)

Ferja vart levert i 2015 og går i sambandet Lavik – Opdal. Styringsgruppa meiner difor at utviklingsarbeidet det her vert søkt om må ha vore gjennomført i forkant av bygging av ferga. Kostnadane er difor påløpt i ein periode som ikkje omfattar midlane for 2015 – 2016, og styringsgruppa rår til at søknaden ikkje vert stetta.

8.3 Hardangerbadet 2016

Bakgrunn

Hardangerbadet (HB) er eit stort nytt bade-, helse-, trenings- og velværesenter som er under planlegging i Kvam. Det er eit nyskapande tiltak med ålmenn nytte for heile distriktet. Prosjektet har ein helsefremjande profil og vil gje betre helse- og livskvalitet for mange.

HB skal vera eit høg-kvalitets og integrert symje-, helse- og aktivitetstilbod samt møteplass for folk i Kvam, Hardanger og Hordaland. HB vil verta ein attraktiv konkurranse-, kurs- og konferansearena for symjing og helsefremjande arbeid for heile landet. Målet er å skape eit 5. generasjons folkehelsebad eit helsefremjande fyrårnsprosjekt med overføringsverdi til andre regionar i inn- og utland.

Kommunar, innbyggjarar, idrettslag, skuleverk, næringsliv, organisasjonar og andre har vist stor interesse for HB. Prosjektet vil gje rom for godt og breitt engasjement vidare. HB vil skapa vekst og utvikling, med ma. nye interessante arbeidsplassar. Tiltaket vil gje auka trivsel og gjera det meir attraktivt både å bu og vitja Hardanger. Badeanlegget (trening /konkurranssebasseng 25m * 12,5 m og varmtvatn/opptrening 12 * 8,5 m) skal organiserast som KF (kommunalt føretak). Tiltaket vert realisert som eit totalprosjekt med bad, helsedel og hotell.

Prosjekt mål

Å få realisert eit moderne bade- og helseanlegg i Hardanger. Dette vil ha regional effekt og vera eit tilbod både for fastbuande og tilreisande, heile året.

Prosjektorganisering

Kvam herad og eventuelle nabokommunar skal skipa Hardangerbadet KF som skal eiga og driva den offentlege badedelen. Kvam herad vil leggja ned 3 kommunale skulebasseng for å finansiera sin del av drifta.

Hardangerbadet eigedom A/S skal byggja og driva lokala som skal nyttast til helse og oppleving. Helsebanken ANS vil stå ansvarleg for sin del av bygget og Hardangerfjord hotel vil byggja ut sin del. Det vil verta utarbeidd avtalar mellom dei ulike partane for å sikra ei best mogleg drift av senteret.

Samarbeidspartnarar

Det er ei rekke samarbeidspartnarar i prosjektet. Hardangerfjord hotell skal byggje ut hotellet med ny konferanseavdeling, nytt kjøken og nye rom. Helsebanken ANS og Helsebanken fysioterapi A/S skal flytte sin aktivitet til nye lokale i tilknytning til badet, Tonus Fysioterapi og trening A/S skal etablera seg i senteret og det vert arbeidd med avtalar opp mot Helse Bergen og andre som kan kjøpa helsetenester.

Aktivitetar

- Ferdigstilla forprosjekt
- Inngå bindande avtalar
- Fullfinansiera totalprosjekt
- Kvalitetssikra grunnlagsdata
- Utarbeida tilbodsgrunnlag
- Utlysing av anbod
- Tildeling
- Byggestart hausten 2016

Målgrupper

Fastbuande, tilreisande turistar og folk frå regionen, hyttefolk, helse- og rehabiliteringspasientar, skuleelevar.

Resultat

Nytt komplett symje- og helseanlegg i Hardanger.
Nytt legesenter.
Nybygg Hardangerfjord hotel
Nytt helsetilbod for heile Vestlandet

Effekter

30-50 nye arbeidsplasser, også kompetansearbeidsplassar.
50 millionar i årlege ringverknader på anna næringsliv.
Folkevekst
Nye reiselivsprodukt som er opne heile året.
Friskare befolkning, redusert sjukefråvær
Auka symjekompetanse

Tidsplan

Byggjstart hausten 2016, opningsdato sommaren 2018

Vurdering opp i mot kriteria

Dette er eit trepartsamarbeid. Det er ein usikkerhet kring eigarforholda til hotellet. Det er i dag DNB som forvaltar eigarskapet. For Hardangerbadet vil dette bety at det ikkje vert avklart om det er mogeleg å gå vidare med planane før nye eigarar av hotellet er på plass. Kommunen har stilt som vilkår for si deltaking at alle element i prosjektet kan realiserast.

Sidan situasjonen ved hotellet er uavklart meiner styringsgruppa at ein avgjerande føresetnad for realisering ikkje er på plass og rår til at søknaden vert avslege.

8.4 Bedriftsutvikling Øystese Mek Verkstad AS

Dette er ein søknad som fell inn under forvaltning gjennom Innovasjon Norge, då den er bedriftsintern. Styringsgruppa må likevel gje si innstilling, og søknaden er difor handsama.

Øystese Mek Verkstad AS er ei bedrift som blei stifta tilbake på 1940-tallet og har vakse til eit moderne bil- og karosseriverkstad med sal av nye bilar frå Ford og Suzuki. I tillegg har selskapet drift av Esso bensinstasjon. Selskapet har eit komplett bilanlegg i Øystese med verkstad - både mekanisk og karosseri, samt avdeling for sal av nye bilar. I tillegg har selskapet ei verkstadsavdeling for mekaniske reperasjonar og tectylbehandling i Norheimsund.

Selskapet nyttar i dag IT-løsningar fra 2003. Denne programvara har store begrensninger i høve til dagens teknologi og muligheter, med svært høge lisensavgifter.

Søknaden gjeld anskaffelse og implementering av nytt forhandlersystem i tilpassa ny innovativ IT-løsning.

Målet for prosjektet er å iverksette tiltak internt for å bidra til mer effektiv driftsoppfølging med detaljerte rapporter.

Dei overordna måla er å opprettholde/auke aktiviteten i selskapet og bevare sysselsetting i distriktet. Målet er å verta ein meir moderne bedrift som kan tilby arbeid til faglært arbeidskraft. I ei tid med sterk sentralisering, er det viktig å kunne tilby interessante arbeidsplasser lokalt.

Måloppnåelsen for prosjektet for ØMV AS vil vera å få innovative IT-løsningene på plass.

Aktivitetar i prosjektet:

- ei intern utredningsfase/behovsanalyse/ønsker.
- kontakt med IT-leverandør for konkret gjennomgang og mulighetsanalyse, design
- installasjon
- kurs for tilsette i bruk av løysinga

Oppdatering av kunderegistra vil gå over heile perioden, i tillegg til bistand frå konsulentar på økonomi og IT etter behov.

Det vert søkt om kr. 600 000 for 2016 og kr. 50 000 for 2017. Totalkostnaden er på kr. 950 000.

Vurdering opp i mot kriteria

I kriteria for bruk av midlane står følgjande »Bedrifter kan søke støtte til bedriftsinterne innovasjons,- kompetanse- og omstillingstiltak. Søknader kor fleire bedrifter går saman om ei tyngre satsing vil bli prioritert». Søknadane må tilfredstillast gjeldane regelverk for offentleg støtte til bedrifter og vil bli handsama av Innovasjon Norge.

Denne søknaden gjeld anskaffelse og implementering av nytt forhandlersystem i tilpassa ny innovativ IT-løsning.

Styringsgruppa meiner at innkjøp og implemnering av ny IT løysing ikkje er innovasjon eller omstillingstiltak, men må takast over drifta, og rår til at søknaden ikkje vert stetta.